

Kommunedelplan

Trafikksikring 2021 - 2028



Oppdragsgjevar: Kvinnherad kommune

Oppdragsgjevares kontaktperson: Kvinnherad kommune v/Hildegunn Furdal

Rådgjevar: Norconsult, Valkendorfsгатen 6, NO-5012 Bergen

Oppdragsleiar: Mats Korneliussen

Fagansvarleg: Mats Korneliussen

Andre nøkkelpersonar: Ingvild Hernes Lunde

01	28.8.2020	Til gjennomlesing og godkjenning hos oppdragsgjevar	Mats Korneliussen	Ingvild Hernes Lunde	Mats Korneliussen
Versjon	Dato	Beskriving	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nytta til det formål som oppdragsavtalen beskriv, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på anna måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Forord

Kommunedelplan for trafikktryggleik, er eit viktig plangrunnlag for Kvinnherad kommune sitt arbeid med trafikktrygging i vår langstrakte kommune. Plandokumentet som du no les, er ei rullering og revidering av gjeldande plan som blei vedteke i 2012.

I løpet av desse åra, har det vore arbeidd godt med å realisere mange av tiltakspunkta om eit tryggare trafikkbilete i vår kommune. Og dette har gjeve resultat. Statistikken dei siste 20 åra, fortel at ein i den siste tiårsperioden har hatt ein vesentleg og stor nedgang i antall ulykker og skadde/drepne.

Difor er rullering av denne kommunedelplanen livsviktig! Me har ingen liv å miste!

Kvinnherad kommune er utpeika som «Trafikksikker kommune», gjennom sertifiseringsordninga til Trygg Trafikk. Ei slik sertifisering stiller strenge krav til korleis kommunen arbeider med tiltak, og bevisstgjer i vårt lokalsamfunn.

For budsjettperioden 2020-2024 har Kvinnherad kommunestyre auka løyvingane til trafikktryggingstiltak, med 2.500.000 kvart år i perioden. Totalt 10.000.000. Dette er eit viktig bidrag inn for å realisere mange av dei tiltaka som blir vist til i denne planen.

Vestland fylkeskommune er både vegeigar og grunneigar i tilknytning til alt av det fylkeskommunale vegnettet i kommunen. Eit tett og godt samarbeid med Vestland fylkeskommune, vil også vera avgjerande for å nå mange av målsetnadane i denne planen.

Som kjent er ein vesentleg del av «Kvinnherad-pakken» trafikktryggingstiltak. Totalt sett kan ein sei at ein stad mellom 30-40% av løyvingane i denne pakken går direkte til å auka trafikktryggleiken i samband med det fylkeskommunale vegnettet.

Målsetnaden med ny kommunedelplan, sett i lys av vesentleg auke i økonomiske rammer for trafikktryggingstiltak, må være at andelen gjennomførte tiltak får ein sterk auke.

Det er mange i kommunen som har engasjert seg og arbeidd over lang tid med å betra tilhøva for mjuke trafikantar. Eg vonar engasjementet for dette held fram, slik at me i fellesskap prøver løyse dei farlege og utfordrande situasjonane i trafikkbiletet.

Rosendal 28.08.2020

Hans Inge Myrvold
Ordførar





Foto: Elisabeth Berg Hass

Vurdering av måloppnåing 2012-2020

Oppsummering og vurdering av måloppnåing i høve førre trafikksikringsplan for 2012 – 2020.

- Det har i førre trafikksikringsplan 2012 – 2020 vorte gjennomført 22 av 89 innmeldte tiltak. Blant desse er 15 tiltak ferdigstilt og sju er delvis gjennomført. Det er utover dette også gjennomført andre tiltak som har komt opp fortløupande. Det er difor gjennomført fleire tiltak i Kvinnherad kommune enn dei 22 som nemnt ovanfor.
- Målsetjinga til Trafikksikringsplan i Kvinnherad kommune for 2012 – 2020 var å gjera Kvinnherad til ein tryggare stad å bu i; ein stad, der ingen vert drepne eller varig skadde i trafikken.
- Kvinnherad kommune starta arbeidet mot å bli ein trafikksikker kommune i 2016, og 26.09.2018 vart Kvinnherad kommune godkjent som trafikksikker kommune. Mellom anna laga alle skolane ein eigen trafikksikringsplan for deira nærmiljø og barnehagane laga ein plan for korleis dei skal følgje opp trafikksikring i deira kvardag. Fleire skular driv med sykkelopplæring.
- Dei fleste barnehagane i kommunen er medlem av Barnas trafikklubb, og driv både med opplæring, oppfølging av rutinar, foreldresamtalar og meir knytt til temaet trafikksikring.
- Kvinnherad vidaregåande skule har gjennomført TS-dagar.
- Saman med Trygg Trafikk har helsestasjonane arbeid med sikring av born i bil. Helsesjukepleiarane har blitt kursa i teamet sikring av born.
- Statens vegvesen har halde informasjonsmøte om øvingskøyning 65 + og arrangert ulike aktivitetar mot ungdom og russ, samt utekontrollar av køyretøy.
- Politiet har gjennomført ulike kontrolltiltak, men ikkje i så stor grad som ynskjeleg.
- Alt planarbeid har fokus på å ivareta trafikksikkerleiken til mjuke trafikantar og folkehelse.

I perioden 2001 – 2010 var det registrert 132 ulykker med personskade. Blant desse ulykkene vart det registrert 189 personar som var drepne eller skadd. I perioden 2010-2019 vart det registrert 71 ulykker der 93 personar vart registrert drepne eller skadd. Sju personar vart drepne i trafikken i Kvinnherad i perioden 2001-2010. Det vart i perioden 2010-2019 drepne fire personar.



Dersom man samanliknar perioden 2001 – 2010 og 2010 – 2019 har det vore ein reduksjon i talet på registrerte trafikkuulykker med personskade på **-46 %**. Talet på registrerte personskadar involvert i ulykkene har hatt ein reduksjon på **-50,7 %**. Blant drepne har det vore ein prosentvis reduksjon på **-42 %** dersom ein samanliknar periodane.

Basert på tala over tydar dette på at fysiske tiltak og arbeid retta mot åtferd og haldningar blant trafikantar i Kvinnherad kommune har gitt gode resultat. Det er dessverre framleis for mange som blir drepne og hardt skadd i trafikken og det må difor arbeidast målretta og systematisk vidare for å redusere dessa tala ytterlegare i komande periode. Det kan likevel seiast at trafikksikringsarbeidet som er gjort har bidradd til å gjere Kvinnherad til ein tryggare stad å bu og arbeide i.

Innhold

Forord	2
Vurdering av måloppnåing 2012-2020.....	1
Innhold.....	2
Samandrag.....	4
Presentasjon av kommunen.....	6
Organisering av trafikksikringsarbeidet.....	12
Nasjonale og regionale føringer for trafikksikrings-arbeidet	15
Nasjonale målsetjingar	15
Regionale målsetjingar	15
Barnas transportplan.....	16
Meld.St.40 Trafikksikkerhetsarbeidet – samordning og organisering	16
Nasjonalt tiltaksplan for trafikksikring på veg 2018 – 2021	16
Innsatsområde og kommunale tiltak.....	17
Ulykkesanalyse	20
Datagrunnlag	20
Ulykker 2010-2019	20
Samandrag av ulykkesituasjonen i Kvinnherad kommune	27
Visjon og målsetjing.....	29
Visjon	29
Målsetjing.....	29
Satsingsområde	30
Tiltak og verkemidlar	31
Åtferd- og haldningsskapande tiltak	31
Korleis arbeide med ulykkesførebygging lokalt?.....	31
Hjertesone	31
Trafikksikker kommune	31
Kontrolltiltak politi.....	31
E-læringskurs for betre trafikksikkerheit.....	31
Statens vegvesen – kampanjar	31
Opplæring i skulen.....	32
Beintøft.....	32
Barnetråkk	32
Barnas Trafikkklubb.....	32
Bilførarar 65+	32
Fysiske tiltak	33



Fortau	33
Gang- og sykkelveg	33
Utvida vegskulder	33
Skilt «Barn»	33
Vegljos	33
Fartskontroll	33
Siderekkverk	34
Fartsgrense	34
Kryssingsmoglegheiter for fotgjengarar	34
Fartsdempande tiltak	34
Kostnader	35
Registrerte behov for trafikksikringstiltak	36
Tiltak på kommunalveg	37
Tiltak på fylkesveg	40

Samandrag

Planprosess

Oppstart av planarbeidet vart vedteke 12.03.2020. Oppstart av rullering av planen starta i mars 2020. Det vart varsla oppstart og i perioden 12.03 – 18.05.2020 var det mogleg å kome med tilbakemeldingar på ynskje og behov for trafikksikringstiltak i perioden. Trafikksikringsplanen for Kvinnherad vart lagt ut for offentlig ettersyn i perioden xx.xx – xx.xx.xxxx.

Vedteken plan vil leggjast til grunn for det vidare arbeidet med trafikksikring samt prioritering og gjennomføring av trafikksikringstiltak for Kvinnherad kommune for planperioden 2021 – 2028.

Følgjande har deltatt i arbeidsgruppa ved rullering av trafikksikringsplanen:

Namn	Organisasjon
Hildegunn Furdal	Prosjektleder – Kvinnherad kommune
Sigbjørn Øye	Leiar – Teknisk og miljø – Kvinnherad kommune
Anne Lise Næs	Samfunnsplanlegging – Kvinnherad kommune
Kjartan Thoresen	Samfunnsplanlegging – Kvinnherad kommune
Terje Natland	Einingsleiar – Veg og park – Kvinnherad kommune
Hjalmar Heimvik	Arbeidskoordinator – Veg og park – Kvinnherad kommune
Øyvind Hardeland	Veg og park
Per Inge Naterstad	Tidlegare einingsleiar - Veg og park
Øystein Slåke	FAU – leiar – Undarheim skule
Terje Vidar Hoel	Vestland fylkeskommune – Seksjon for forvaltning og utgreiing
Guri Finne Sognnes	Kommunekontakt Kvinnherad – Vestland fylkeskommune
Bjørn Skorpa Eikeland	Vestland fylkeskommune
Knut Olav Nestås	Regionleiar – Trygg Trafikk
Torgeir Fosse	Kvinnherad lensmannskontor
Mats Korneliussen	Oppdragsleiar - Norconsult

Det har vore jamlege arbeidsmøter i prosjektgruppa og det har vore gjennomført synfaring av innmeldte tiltak i planen. Prosjektgruppa ynskjer å takke alle som har bidrege med kartlegging av trafikktryggleiksproblem og kome med forslag til trafikktryggingstiltak i heile kommunen.

Grunnlag for trafikksikringsplanen

Følgjande retningslinjer og dokument er til grunn for utarbeiding av trafikksikringsplan for Kvinnherad kommune 2021 – 2028.

- Nasjonal transportplan 2018–2029.
- Regional transportplan Vestland 2022-2033.
- Barnas transportplan.
- Meld.St.40 Trafikksikkerhetsarbeidet – samordning og organisering.
- Nasjonal tiltaksplan for trafikksikring på veg 2018 – 2021.

Satsingsområde

Kvinnherad kommune skal arbeide med følgjande satsingsområde for det vidare trafikksikringsarbeidet i planperioden 2021 – 2028.

- Redusere tal på drepne og hardt skadde i trafikken.
- Fokus på barn og unge.
- Trygge skuleveggar.
- Redusere utforkøyringsulykker.
- Syte for trygge områder framfor skular (Hjertesone).
- Fokus på åtferd- og haldningstiltak.
- Trafikksikker skule og kommune.

Tiltak og verkemiddel

For å nå satsingsområda er trafikksikringsarbeidet delt opp i følgjande hovudkategoriar; åtferd og haldningstiltak, organisatoriske tiltak og fysiske tiltak. Sjå tabell under for aktuelle tiltak innanfor dei ulike satsingsområda.

Åtferd- og haldningstiltak	Tiltak
	Trafikksikringsarbeidet må rettast inn mot tiltak som kan endra uønskt og uheldig trafikåtferd – særleg blant born og unge
	Gjennomføre årleg «aksjon skuleveg» for barneskule elever.
	Gjennomføre «TS-dag» på ungdomsskule og vidaregåande skule.
	Arbeide systematisk med åtferd- og haldningstiltak retta mot aldersgruppa 16 – 24 år.
	Fokus trafikantopplæring i skulen, barnehagar og hjå foreldra.
	Det er ynskjeleg med fleire kontrollar av trafikken nær skular.
	Etablere Hjertesone rundt alle skulane i kommunen.
	Kommunen vil arbeide for å skape medvit og informere om trafiktryggleik gjennom media som aviser, internett m.m.
	Regodkjenning som trafikksikker kommune og skular.
Organisatoriske tiltak	Tiltak
	Syte for at det vert satt av midlar til planlegging av heilskapleg gang- og sykkelveggar i kommunen.
	Kommunen si arealplanlegging må gje føringar for trafiktryggleik og må forplikte kommunen til å kvalitetssikre eigen planlegging.
	Ved planlegging av nye veggar eller utbetring på vegnettet må god og sikker framkomst for mjuke trafikantar prioriterast.
	Kommunen skal ha gyldig trafikksikringsplan som støttar vilkåra for tildeling av statlege og fylkeskommunale midlar til trafikksikring.
	Lage gatebruksplanar (ev. trafikkanalyse) i høve til gang- og sykkelnett i tettstadane i kommunen
	Kvinnherad vil ha samarbeid om trafiktryggleik over kommunegrensene, der dette er naturleg.
Fysiske tiltak	Tiltak
	Gjennomføre fysiske tiltak i tråd med innmeldte behov
	I vegvedlikehaldet vil kommunen ha vekt på trafikksikringsomsyn. Det er viktig å arbeide for korrekt vegskilting, rydding i frisktsoner mv.
	Ved utforming av fysiske trafikksikringstiltak har kommunen som mål å stette krav om universell tilgjenge
	Det må leggjast større vekt på tiltak som hindrar dødsulykker og ulykker med alvorleg og varig personskade.

Presentasjon av kommunen

Busetnad og folketal

Det er 13.061 personar busett i Kvinnherad kommune (SSB pr. 1. kvartal i 2020)¹.

Kommunen sitt landareal er 1.043 km² og er svært oppdelt med fjordar og øyar. Dette har gjort at det har vakse fram fleire stader som; Husnes, Halsnøya, Hatlestrand, Mauranger, Rosendal, Varaldsøy, Ølve og Valen. Busetnaden er tettast langs kysten på Folgefonnhalvøya kor 68 prosent av kommunens befolkning er busett². Husnes er regionsenter med vidaregåande skule og handelssenter og Rosendal er turistbygda med administrasjonssenter.

Vegsystem

Tabellen under gjev oversikt over dei ulike vegtypane i kommunen med tilhøyrande lengde i km basert på tal frå Nasjonal vegdatabank (NVDB).

Vegtype	Lengd
Fylkesveg (Fv)	295,5 km
Fylkesgangveg (Fg)	21,7 km
Kommunal veg (Kv)	172,2 km
Kommunal gangveg (Kg)	21,5 km
Privat veg (Pv)	422,5 km
Skogsveg (Sv)	130,7 km



Figur 1: Oversikt over veger i Kvinnherad kommune.

Trafikktal

Tabellen under gjev oversikt over trafikktala for 2010 og 2019. Tala er basert på årsdøgntrafikk (ÅDT). ÅDT er summen av talet på køyretøy som passerer eit punkt på ein vegstrekning (for begge retningar samanlagt) gjennom året, dividert på årets dagar, altså et gjennomsnittstal for dagleg trafikkmengd.

Veg.nr	Veg.nr pr.01.01.2020	Strekning	Trafikktal 2010	Trafikktal 2019
Fv.44	Fv.5028	Hellandskrysset - Opsanger	3700	2600/2000/2000
Fv.544	Fv.500	Opsanger - Pollen	3500	3600
Fv.48	Fv.500	Hellandskrysset – Neslia (Rosendal)	2500/3000	3200
Fv.544	Fv.500	Reset - Opsanger	2100/2500	2000
Fv.544	Fv.500	Tofte – Sæbøvik	2000	2200/2500
Fv.48	Fv.500	Løfallstrand	1500	1700
Fv.551	Fv.500	Årsnes mot Odda	900	1000/900
Fv.60	Fv.5048	Tofte – Høylandsbygd	500/900	600/500
-	Fv.48	Kyrkjhusneset – Vestrevik	-	1000
-	Fv.575	Hatlestrand - Ølve	-	500
-	Ferje	Gjermundshamn-Varaldsøy-Årsnes	-	720
-	Ferje	Ranavik - Skjersholmane	-	451
-	Ferje	Fjelberg- Sydnes-Utbjoa	-	100
-	Ferje	Skånevik-Matre-Utåker	-	220

¹ <https://www.ssb.no/kommunefakta/kvinnherad>

² <https://snl.no/Kvinnherad>

Skular og skuleskyss

Det er i Kvinnherad kommune totalt 1112 elever i kommunal og privat grunnskule for perioden 2019-2020. Blant ungdomsskuleelevar er det 555 i same periode. Krav til skuleskyss er fastsett i [«Skyssreglement grunnskule i Vestland fylkeskommune»](#). Elevar i 2. – 10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skulen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda.

Kommunane har økonomisk ansvar for:

- Skuleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg når avstanden heim – skule er under 2/4 km
- Nødvendig tilsyn og reisefølge
- Persontakst for all skuleskyss etter §13-4 i opplæringslova, etter pris for persontakst på den aktuelle strekninga
- Anna skuleskyss etter kommunalt vedtak

I følge tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) er det 33,9 % av elevar i kommunale og private grunnskular som får skuleskyss i Kvinnherad kommune pr. 2019. Dette tilsvara ca. 377 elevar i kommunen.

Barne skule	Namn	Tal på elever
	Bringedalsbygda skule 1-7 trinn	57 stk.
	Halsnøy skule 1-7 trinn	169 stk.
	Malmanger skule 1-7 trinn	126 stk.
	Mauranger skule 1-7 trinn	18 stk.
	Omvikdalen skule 1-7 trinn	92 stk.
	Skraveland skule 1-7 trinn	56 stk.
	Sunde skule 1-7 trinn	112 stk.
	Undarheim skule 1-7 trinn	233 stk.
	Uskedalen skule 1-7 trinn	102 stk.
	Valen skule 1-7 trinn	115 stk.
	Ølve Montessoriskule Sa 1-7 trinn	29 stk.
	Åkra skule 1-7 trinn	3 stk.
	Totalt	1 112 stk.
Kombinert barne- og ungdomsskule	Namn	Tal på elever
	Nordsido Oppvekstområde Hatlestrands skule 1-10 trinn	78 stk.
	Totalt	78 stk.
Ungdomsskule	Namn	Tal på elever
	Husnes ungdomsskule 8-10 trinn	254 stk.
	Rosendal ungdomsskule 8-10 trinn	158 stk.
	Øytaun skule 8-10 trinn	65 stk.
	Totalt	477 stk.
Vidaregåande skule	Namn	Tal på elever
	Kvinnherad vidaregåande skule 11-13 trinn	378 stk.
	Totalt	378 stk.
Folkehøg skule	Namn	Tal på elever
	Sunhordland folkehøgskule	Ca. 90 stk.
	Totalt	Ca. 90 stk.

Tabellen under viser talet på elevar fordelt på skuletrinn for perioden 2019/2020 i Kvinnherad.

Skuleår 2019/2020	Alle trinn	Trinn 1	Trinn 2	Trinn 3	Trinn 4	Trinn 5	Trinn 6	Trinn 7	Trinn 8	Trinn 9	Trinn 10
Tal på elevar	1667	141	152	163	153	164	189	185	160	172	188

Elevar med skuleskyss

Under er tal for elever med skuleskyss i Kvinnherad kommune. Tala er henta frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI).


	Viser tal på kor mange av elevane som får skyss heile eller deler av skuleåret. Tala viser både elever med rett og eventuelt andre elever kommunen har valt å tilby skuleskyss.		Elever som har skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg		
	1.årssteg	2-10 årssteg	Registrert med kommunalt vedtak i 2020/2021	Vinter-skyss	Totalt
Bringedalsbygda skule	0	7	2	0	2
Halsnøy skule	13	90	25	17	42
Husnes ungdomsskule	0	151	0	0	0
Malmanger skule	0	0	0	0	0
Mauranger skule	0	5	2	0	2
Hatlestrand skule	2	44	5	0	5
Omvikdalen skule	3	20	4	9	13
Rosendal ungdomsskule	0	106	0	0	0
Skarveland skule	2	14	8	0	8
Sunde skule	2	18	15	0	15
Undarheim skule	2	16	0	0	0
Uskedalen skule	1	13	4	0	4
Valen skule	7	27	27	0	27
Øyatun skule	0	22	0	0	0
Åkra skule	0	0	0	0	0
Totalt i Kvinnherad	32	533	92	26	118

Blant dei elevane som har skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg er vist i tabellen under.

Skule	ID	Stad-strekning	Bakgrunn for fritak	Fritaket gjeld
Halsnøy skule	1	Sunnhordland fhs - Halsnøy Kloster - Ranavik	Vegstrekning utan fortau, smal veg, ferjeveg, 60 km/t	1.-4. trinn
	2	Øreviksvegen - Dubbedalen - Sæbø	Vegstrekning utan samanhengande fortau, smal veg, ferjeveg, 60 km/t, mørkt og vêrhardt	1.-4. trinn
	3	Øreviksvegen - Dubbedalen - Sæbø	Vegstrekning utan samanhengande fortau, smal veg, ferjeveg, 60 km/t, mørkt og vêrhardt	5.-7. trinn Vinterskyss
Sunde skule	4	Toralivegen; Restet - Opsangerbrua	Vegstrekning utan fortau, smal veg, veg til hurtigbåtkai, 50 km/t	1.-5. trinn
	5	Grønstøl	Vegstrekning utan fortau, smal veg, 50 km/t	1.-4. trinn
Valen skule	6	Handeland (nord for Handelandsbrua)	Vegstrekning utan fortau, smal veg, ferjeveg, 60 km/t - 80 km/t	1.-7. trinn
	7	Teigen	Vegstrekning utan fortau, farlege svingar og avkøyrslar, tidvis smal veg, Porsviksvingane, 60 km/t	1.-7. trinn
Skarveland skule	8	Rudlen	Vegstrekning utan samanhengande fortau, smal veg, ferjeveg, 50 km/t.	1.-4. trinn
Undarheim skule	9	Lyngstad - Onarheimslio - Helland	Vegstrekning utan fortau, 80 km/t, rundkøyning, kryssing av bru u/gangareal.	1.-4. trinn
Bringedalsbygda skule	10	Helvik	Vegstrekning utan fortau, 60 km/t, gjennomfartsveg (mykje trafikk)	1.-4. trinn
	10A	Vågen	Vegstrekning utan fortau, 80 km/t, gjennomfartsveg, smal og svingete veg.	1.-4. trinn
Uskedalen skule	11	Steinsletto - Eik	Vegstrekning utan fortau, 60 km/t, gjennomfartsveg (mykje trafikk)	1.-4. trinn
	12	Kjerlandsio og Døsslandsio	Vegstrekning utan fortau, smal veg, landbruksmaskiner, 50-80 km/t	1.-4. trinn
	13	Indre Rød	Vegstrekning utan fortau, smal og svingete veg, 80 km/t, gjennomfartsveg.	1.-7. trinn
Omvikdalen skule	14	Lundsneset	Vegstrekning utan samanhengande fortau, 60 km/t, kryssing av bru u/gangareal	1.-2. trinn

	14A	Fet-Lund	Vegstrekning utan samanhengande fortau, smal veg, 60, 50-30 km/t	1.-2. trinn
	14B	Lundsneset	Vegstrekning utan samanhengande fortau, 60 km/t, kryssing av bru u/gangareal	3.-4. trinn Vinterskys
	14C	Fet-Lund	Vegstrekning utan samanhengande fortau, smal veg, 60, 50-30 km/t	3.-4. trinn Vinterskys
	15	Landa - Myklebust	Vegstrekning utan fortau, smal veg, landbruksmaskiner, 80 km/t	1.-2. trinn
	15A	Landa - Myklebust	Vegstrekning utan fortau, smal veg, landbruksmaskiner, 80 km/t	3.-4. trinn Vinterskys
Mauranger skule	16	Austrepollen	Vegstrekning utan fortau, uoversiktleg, farleg avkøyring til Jondal over bru, gjennomfartsveg (Odda, Jondal, Bergen), 50 km/t (80 km/t)	1.-7. trinn
Hatlestrand skule	17	Grønevika	Vegstrekning utan fortau, ferjeveg, smal veg, 80 km/t	1.-10. trinn
	18	Nord for Haugetunnelen	Vegstrekning utan fortau, ferje veg, smal, 60-80 km/t	1.-4. trinn
	19	Myrvold - Hjortland - Gjerde	Vegstrekning utan fortau, smal veg, 50 km/t	1.-4. trinn
Åkra skule	20	Haugstøl - Skromme	Vegstrekning utan fortau, smal og svingete veg, 80 km/t	1.-4. trinn (heimanfrå til skulen)

Oversiktsbilde under viser dei ulike strekningane med ID nr. kor elevar har skuleskys grunna særleg farleg skuleveg.



Figur 2: Oversikt over strekningar kor elevar har skuleskys grunna særleg farleg skuleveg.

Trafikkutfordringar i kommunen


Det er fleire utfordringar med omsyn fremkomelegheit og trafikksikkerheit i Kvinnherad kommune. Det er likevel nokon utfordringar som kan nemnast spesielt og som bør arbeidast parallelt med innkomne som presentert i [kap.7 Registrerte behov](#).

Under er ein punktvis liste over trafikkutfordringar i Kvinnherad kommune:

• Kommunen har stor utstrekning med mange mindre tettstader og sentra.
• Manglande samanhengande gang- og sykkelveg i kommunen.
• Store avstandar mellom fritidsaktivitetar der skulevegen også nyttast til/frå ulike aktivitetar på ettermiddag og kveldstid.
• Områder rundt skular med tanke på køyring av born – skapar trafikkfarlege situasjonar.
• Menn i alder 18-22 år er ein utfordring mtp. høg fart og trafikkulykker i kommunen.
• Det er fleire ferjepunkt i kommunen som kan skape farlege situasjonar når køyrande skal rekke ferja.
• Det er utfordrande å nå ut i tilstrekkeleg grad til ungdommar om viktigheita om trafikksikker åferd- og haldningar i trafikken.
• Parkeringsutfordringar ved større utfartsområde som medfører trafikkfarlege situasjonar.
• Mykje landbruksmaskinar – store saktegåande køyretøy langs vegnettet.
• Stor fare for viltpåkøyrslar – 45 stk. registrerte påkøyringar med motorvogn i 2019 basert på tal frå hortevilregisterert.no
• Manglande overnattingsplassar for langtransport.

Kvinnheradpakken

Kvinnheradpakken består av prosjekt og tiltak på fylkesvegvar som utbetringstiltak, skredsikring, bygging av gang- og sykkelvegvar samt fjerning av flaskehalsar. Med desse tiltaka vil framkomsten bli betre for alle trafikantgrupper. Første byggjeprojekt var ny bru over Furebergfossen. Arbeidet starta april 2019. Kvinnheradpakken er ikkje handsama i Stortinget, men er godkjend i Kvinnherad kommune og Hordaland fylkekesting. Nokre prosjekt har berre fått midlar til planlegging. Venteleg vil Stortinget handsame



Figur 3: Oversikt over prosjekter i Kvinnheradpakken

Tabellen under gjev ein oversikt over dei aktuelle tiltaka i Kvinnheradpakken.

	Delprosjekt	Skildring	Status per aug. 2020
KvP-1	Nytt ferjesamband mot Stord	Innkorting av ferjesambandet mellom Kvinnherad og Stord er viktig – ikkje berre for Kvinnherad åleine, men også for å binde saman Sunnhordlandsregionen og styrkje den felles bu- og arbeidsmarknaden.	Planfase - forarbeid
KvP-2	Fv. 500 Furebergfossen bru	Brua gjev betre og tryggare veg. Ikkje lenger fare for steinsprang frå fosseløpet. Høgast punktet for skredfaktor på fylkesvegnettet i Vestland er borte.	Ferdig 2020
KvP-3	Fv. 500 Folgefonntunnelen – Årsnes	Målet er å skredsikre vegstrekninga Folgefonntunnelen–Årsnes, og å betre trafikktryggleiken og framkomsten på heile strekninga.	Regplanarbeid er starta opp
KvP-4	Fv. 500 Herøysundet	Vegen er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar. Det skal byggjast gang- og sykkelveg med tilrettelagte kryssingspunkt samt at busslommer skal utbetrast. Ein skal også finne nye lokaliseringar for kantstopp.	Regplan ferdig 2020
KvP-5	Trafikksikringstiltak	Tiltaka gjeld fire ulike strekningar på fylkesveg. Måla er å heve vegstandarden, stagnere forfallet og auke trafikktryggleiken.	Planarbeid ikkje starta
KvP-6	Fv 544 Sæbøvik-Eidsvik-Tofte	Målet er å auke vegstandarden og leggje til rette for mjuke trafikantar.	Planarbeid ikkje starta
KvP-7	Fv 544/48 Opsanger Porsvik	Knyte saman tettstadane Husnes, Sunde og Valen med gang- og sykkelveg, samt betre vegstandarden for gjennomgangstrafikken.	Forprosjekt er i gong
KvP-8	Sandvoll sentrum	Målet med prosjektet er å leggja til rette for mjuke trafikantar, slik at skulevegen vert betra og tryggleiken aukar.	Planarbeid ikkje starta



Figur 4: Furubergfossen.

Bilde hentet frå: <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/vegprosjekt-i-vestland/kvinnheradpakken/>

Organisering av trafikksikringsarbeidet

Statens vegvesen si handbok V722 «Kommunale trafikksikkerhetsplaner» er eit hjelpemiddel og nyttig verktøy ved utforming av trafikksikringsplanar. Det er utover dette ikkje noko spesifikt lovgrunnlag for utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar, men det er ei rekkje lover og forskrifter som verkar inn på trafikktryggleiken, nokre av desse er:

Veglova	Generelle tilhøve innan trafikktryggleik, m.a. planlegging, bygging og vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, avkøyrslar, eigedomsinngrep og kven som er pliktig til å bera kostnader for tiltak på ulike vegtypar.
Vegtrafikklova	Vegtrafikklova regulerer bla. åtfærd for dei som ferdast i trafikken. Forskrifter og vedtekter utgjer også grunnlaget for svært mange trafikksikringstiltak (trafikkreglar, skilting, kontrollar, krav til køyretøy, reaksjonar ved brot på vegtrafikklova og undersøking av trafikkulykker).
Plan- og bygningslova	Set krav til arealplanlegging og utforming av bygg og konstruksjonar, og er viktig for å kunna gjennomføra fysiske tiltak i kommunen.
Folkehelselova	Mål om fremja folkehelse og utlikna sosiale helseskilnader. Miljøretta helsevern er del av dette arbeidet.
Internkontrollforskrifta	Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar.

Kvinnherad kommune

Fordeling mellom organisatoriske tiltak, åtfærd- og haldningstiltak samt fysiske tiltak vil bli tydeleggjort i kap. 5.4.

Organisatoriske tiltak:

Trafikksikringsarbeidet i kommunen skal vere forankra og takast vare på i all planlegging, sakshandsaming og politiske vedtak, samt i utbygginga. Ansvaret for trygge ferdselsårar må forankrast hjå ordførar og kommunedirektør.

Plan-, teknikk- og miljøutvalet vil få eit særskilt ansvar for trafikksikringsarbeidet gjennom handsaminga av detaljreguleringsplanar og dispensasjonar frå plan- og bygningslova. Det er viktig å følgje rutinar som tryggjer at nye og endra planar og politiske vedtak tek vare på omsynet til trafikksikringa i nærmiljøa.

Eining for veg og park skal nytte trafikksikringsplanen og handlingsplanen i kvardagen, og den vil leggje føringar for gjennomføring av fysiske tiltak, inkludert vedlikehald, og dei har ansvaret for å grundig og systematisk oppfølging av tiltaka i handlingsdelen.

Åtfærd- og haldningstiltak:

Alle einingane som arbeidar med born og unge har felles ansvar for opplæring og haldningsskapande arbeid. Kvinnherad kommune er ein trafikksikker kommune og alle skulane har laga eigne trafikksikringsplanar. Dette skal følgjast opp gjennom regodkjenning som trafikksikker kommune i 2020/21 og rullering av dei lokale trafikksikringsplanane. Folkehelsekoordinator (avdeling plan) er prosjektleiar for regodkjenning som trafikksikker kommune.

Kommunen har ei medviten haldning til trafikksikring av mjuke trafikantar i alle reguleringsplanar, og informerer alle private forslagsstillarar. Kommunen ynskjer vidare å ha ekstra fokus på sonar for varelevering/mjuke trafikantar i planarbeid.

Læreplanane i skulen og barnehagen har klare mål knytt til trafikksikring, og einingsleiarar, i lag med lærarar og føresette, har ansvar for at kompetansemåla (trafikkreglar, trygg bruk av sykkel, fart m.m.) vert følgt opp

gjennom skuleåret. Kapittel «Tiltak og verkemiddel» skildrar korleis ein kan arbeide med åtferd og haldningar i trafikken.

Kommunen skal gå føre som eit godt døme og følgje dei lover og reglar og vise trafikkvett. Det er vedteke retningsliner for tilsette sin ferdsel i trafikken (13.09.2018) er å finne i kommunen sitt kvalitetssystem (Compilo) der rutinar og liknande er skildra.

Fysiske tiltak:

Utval for plan, teknikk og miljø har det politiske ansvaret for trafikksikringstiltak. Det administrative og praktiske ansvaret ligg hjå Sektor for teknikk og miljø. For ei liste over fysiske trafikksikringstiltak i trafikksikringsplanen, sjå kap [«Registrerte behov for trafikksikringstiltak»](#)

Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune har eit breitt ansvar for trafikktryggleiken som regional myndigheit og utviklingsaktør, vegeigar og skuleeigar. Frå 1. januar 2020 har fylkeskommunen også eit utvida ansvar for fylkesvegane, då dei har overtatt oppgåvene som Statens vegvesen tidlegare har utført på fylkesveg. Døme på dette er planlegging, utbygging, drift, vedlikehald og beredskap.

Fylkeskommunen har etter §40a i vegtrafikklova (1965) eit ansvar for å tilrå og samordna tiltak for å fremma trafikktryggleiken i fylket. Etter folkehelselova (2011) §20 har fylkeskommunen eit ansvar for å fremma folkehelse innan dei oppgåver og med dei verkemiddel som fylkeskommunen er tillagt. Fylkeskommunen skal også understøtta folkehelsearbeidet i kommunane, og vera ein pådrivar og koordinator for folkehelsearbeidet i fylket. Fylkeskommunen er høringspart for kommunale trafikksikringsplanar.

Trafikktryggingarbeidet i Vestland fylkeskommune vert forankra i ny Regional transportplan for Vestland 2022-2033 (RTP), og i eit handlingsprogram for trafikktrygging. Planprogram for ny RTP skal snart ut på høyring. Inntil vidare er Vestland fylkeskommune sine satsingsområde i trafikktryggingarbeidet forankra i budsjettokumentet for 2020. Desse er:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strok
- Mjuka trafikantar i regionsenter og langs skuleveg

Nasjonal transportplan 2018-2029 har som mål at talet på personar som vert drepne eller hardt skadde i vegtrafikken maksimalt skal vera 350 i året innan 2030. Måltal for Vestland er 44 drepne og hardt skadde innan den tid - ei halvering av dei 87 som vart drepne og hardt skadde i dei gamle fylka i 2018.

Statens vegvesen

Statens vegvesen sitt oppdrag er å utvikle og tilrettelegge for eit heilskapleg og framtidsrettet transportsystem i heile landet, som fremjer framkomst, reduserer transportulukkene og bidrar til omstilling til lavutsleppssamfunnet.

Statens vegvesen er vegmyndighet for riksvegane og har ansvar for å forvalte, utreie, planlegge, bygge, drifte og vedlikeholde riksvegar. Dei er også løyvemyndighet for riksveiferjesamband og person- og godstransport og tildeler eineretter til drift av riksvegferjesamband. Statens vegvesen har ansvaret for å utvikle tydelege regelverk og standarder for smart transport og moderne vegbygging som gjeld for alle vegar. Slik bidreg dei til å gje deg eit heilskapleg, enkelt og sikkert transportsystem, uavhengig av kven som eig eller drifter vegen.

Kvinnherad lensmannskontor

Lensmannskontoret har ansvaret for kontrolltiltak overfor bilførarar, særleg når det gjeld fart og promille. I tillegg har etaten eit ansvar for førebyggjande tiltak overfor trafikantane, med hovudvekt på dei yngste. Slike tiltak vert utført i samarbeid med skulen.

Trygg Trafikk

Trygg Trafikk er ein uavhengig landsomfattande organisasjon for det frivillige trafikktryggleiksarbeidet i Noreg. Organisasjonen fungerer som eit bindeledd mellom frivillige aktørar og offentlege mynde, som har ansvar for trafikktryggleik.

Trygg Trafikk bygger nettverk ved å vera ein medlemsorganisasjon, skapa møteplassar, arrangera ein årleg nasjonal konferanse og samarbeida med andre om trafikktryggleikspolitiske saker. Organisasjonen er eit kompetansesenter for trafikkopplæring av born og unge i Norge.

Trygg Trafikk arbeidar for å oppnå best mogeleg trafikktryggleik for alle trafikantgrupper og er pådrivar i trafikktryggleiksarbeidet både lokalt og nasjonalt. Dei har eit vedtektsfesta ansvar for at trafikkopplæring og informasjon om trafikktryggleik vert gjennomført som eit ledd i ein samordna innsats mot trafikkulykker.

Andre

Utanom dei som er omtalt over er det også mange andre etatar og organisasjonar som tek del i trafikksikringsarbeidet i kommunen, anten det er i form av trafikantopplæring, førebyggjande tiltak eller at dei på andre måtar er direkte involvert i arbeid med trafikkulykker. Vi kan mellom anna nemne køyreskular, hjelpekorpsa, helsevesenet og sjølvsgagt foreldre som har eit særleg ansvar for tidleg åtferdstrening og haldningsskapande arbeid. Det må vere heilt klart at foreldre har eit overordna ansvar for å oppdra borna til å oppføra seg på ein god måte i trafikkbildet, og korleis dei nyttar seg av sikringsutstyr som t.d. refleks og hjelm.

Nasjonal og regionale føringar for trafikksikrings-arbeidet

Nasjonale målsetjingar

Trafikksikringsarbeidet i Noreg er basert på ein visjon om at det ikkje ska førekome ulykker med drepne og hardt skadde i vegtrafikken – nullvisjonen. Nasjonal transportplan 2018–2029 er ein plan for korleis ein dei neste tolv åra skal arbeide i retning av det overordna og langsiktige målet i transportpolitikken, som er:



Et transportsystem som er sikkert, fremmer verdiskaping og bidrar til omstilling til lavutslippssamfunnet.

Regjeringa har lagt vekt på ein balansert måloppnåing. Dette inneber å gjere prioriteringar slik at ressursbruken bidrar i retning av dei tre hovudmåla:

- Betre framkomst for personar og gods i heile landet
- Redusere transportulukkene i tråd med nullvisjonen
- Redusere klimagassutsleppa i tråd med ei omstilling mot eit lågutsleppssamfunn og redusere andre negative miljøkonsekvensar.

Regionale målsetjingar

Regional transportplan Vestland 2022-2033.

Arbeidet med eit strategisk styringsdokument for samferdslektoren i Vestland fylke er i gang. Dei tidlegare fylka, Hordaland og Sogn og Fjordane, har begge Regionale transportplanar som strekker seg over tidsperioden 2018 – 2029. Den komande Regionale transportplan (RTP) for Vestland vil avløyse desse planane og gjelde for perioden 2022 - 2033. Planen skal vere det øvste strategiske dokumentet for samferdsel i Vestland fylke. Regional transportplan skal setje retning for samferdselspolitikken i det nye storfylket, og skal bygge på Vestland fylkeskommune sine verdiar og visjon, samt [Utviklingsplan for Vestland](#).

For Vestland er målet å koma under 44 drepne og hardt skadde i vegtrafikkulykker i året innan 2030. Det inneber om lag ei halvering av dei 87 som vart drepne og hardt skadde i dei gamle fylka i 2018. Dei dominerande ulykkestypane på fylkesvegane er utforkøyningar, møteulykker og ulykker som involverer mjuke trafikantar. Ulykkesbilette i byane og dei større tettstadane skil seg frå meir gravgrendte strøk med å ha ein større del ulykker med mjuke trafikantar, og mindre del utforkøyningar.

Trafikktryggingsarbeidet famnar breitt og inneber samarbeid og innsats på tvers av etatar og tenesteområde. I dette arbeidet har fylket sitt trafikktryggingsutval (FTU) ei viktig samordnande rolle. FTU har ansvar for utarbeiding av eit handlingsprogram for trafikktrygging, som vert kopla opp mot arbeidet med RTP. Vidare vil trafikantretta innsats og satsing på organisatoriske tiltak som Trafikksikker kommune vera sentralt i det førebyggjande trafikktryggingsarbeidet. Før planprogram for ny RTP er vedteken er Vestland fylkeskommune sine satsingsområde i trafikktryggingsarbeidet forankra i budsjettokumentet for 2020. Desse er:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møte- og utforkøyringsulykker utanfor tettbygde strok
- Mjuke trafikantar i regionsenter og langs skuleveg



Barnas transportplan

Kvinnherad kommune skal arbeide med trafiksikring i tråd med [Barnas transportplan](#) (i Nasjonal transportplan 2018-2029) vil regjeringa:

Meld.St.40 Trafikksikkerhetsarbeidet – samordning og organisering

Arbeidet med nullvisjonen krevje ein omfattande og tverrfagleg innsats. Det er difor behov for å sjå trafikksikkerheit i samanheng på tvers av ulike felt. Stortingsmeldinga har til hensikt å bidra til samordning og organisering av det vidare trafikksikkerhetsarbeidet i Norge. I stortingsmeldinga presenterer regjeringa seks satsingsområde:

- 1) *Forankring av tverrsektorielt trafikksikkerhetsarbeid på overordnet nivå.*
- 2) *Bedre utnyttelse av tilsyns- og kontrollinnsatsen gjennom styrket tverretattlig samarbeid.*
- 3) *Mer effektiv formidling, enklere tilgang og bedre utnyttelse av kunnskap fra ulykkesundersøkelser.*
- 4) *Retningslinjer for registrering av vegtrafikkulykker og økt utveksling av skade- og ulykkesdata.*
- 5) *Styrket samordning av forskning og utviklingsarbeid (FoU).*
- 6) *Framtidige satsingsområder innen trafikksikkerhetsarbeidet:*
 - *Regjeringa vil videreføre en bred tilnærming i trafikksikkerhetsarbeidet med tiltak rettet mot trafikanter, vegnett, kjøretøy og organisatoriske forhold.*
 - *Regjeringa vil videreføre en målrettet innsats rettet mot de alvorligste ulykkestypene som møte- og utforkjøringsulykker og ulykker med fotgjengere og syklister.*
 - *Regjeringa vil videreføre en målrettet innsats for å forebygge ulykker med utsatte risikogrupper i trafikken.*
 - *Regjeringa vil vektlegge trafikanterrettet trafikksikkerhetsarbeid.*

Nasjonal tiltaksplan for trafiksikring på veg 2018 – 2021

Nasjonal tiltaksplan for trafiksikring på veg 2018 – 2021 er ein fireårig plan for trafiksikringsarbeidet i Noreg. Planen er eit samarbeid mellom Statens vegvesen, politiet, HelseDirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Trygg Trafikk, fylkeskommunane og sju storbykommunar. I tillegg har ein rekke andre offentlege aktørar på nasjonalt nivå og om lag 20 interesseorganisasjonar bidradd til planen.

Planen inneheld 136 målretta tiltak. Desse skal bidra til Stortingets mål for 2030 om maksimalt 350 drepte og hardt skadde i trafikken pr. år.



Figur 5: Illustrasjon henta frå Statens vegvesen.

Innsatsområde og kommunale tiltak

I den nasjonale tiltaksplanen for trafikksikring på veg 2018 – 2021 er det satt mål for tilstandsutviklinga innanfor områder der tilstandsendingar er av vesentleg betydning for utviklinga i talet på drepne og hardt skadde. Tilstandsmåla er satt innanfor 13 ulike innsatsområde.

Dette kapittelet tek føre seg dei nasjonale tilstandsmåla med tilhøyrande innsatsområda Kvinnherad kommune finn det mest relevant å arbeide vidare opp mot – dette gjeld 10 av dei 13 innsatsområda. Under kvar av områda er det føreslått aktuelle tiltak som kan gjerast i kommunen for å bidra til å nå dei nasjonale måla.

	Innsatsområde	Nasjonale mål	Tilstand 2017	Mål 2022	Tiltak i kommunen
1	Fart	Del av køyretøy som overheld fartsgrensene	59,9 %	70 %	<ul style="list-style-type: none"> Kommunale tilsette oppfordrast til å gjennomføre E-læringskurs for betre trafikksikkerheit. Kommunen som arbeidsgjevar skal påverke sine tilsette til å vise omsyn og vere aktsam med minst mogleg risiko i trafikken.

	Innsatsområde	Nasjonale mål	Tilstand 2016/2017	Mål 2026	Tiltak i kommunen
2	Rus	Del av trafikkarbeidet som utførast under påvirkning av alkohol over 0,2 promille	0,2 %	0,1 %	<ul style="list-style-type: none"> Kommunen skal arbeide for at ingen tilsette er påverka av alkohol eller andre rusmiddel i teneste.
		Del av trafikkarbeidet som vert utføres under påvirkning av narkotika over straffbarhetsgrensen	0,6 %	0,4 %	

	Innsatsområde	Nasjonale mål	Tilstand 2017	Mål 2022	Tiltak i kommunen
3	Bilbeltebruk	Del av førarar og forsetepassasjerer som brukar bilbelte i lette kjøretøy	97,2 %	98 %	<ul style="list-style-type: none"> Tilsette i kommunen skal bruke bilbelte i teneste. Kommunen skal gjennom helsestasjonen informere aktivt om temaet barn i bil og at barn skal sitte sikra bakovervendt i bil til dei er fire år. Sjå brosjyre.
		Del av barn i alderen 1 – 3 år som er sikret bakovervendt i bil	63 %	75 %	
		Del av førarar av tunge kjøretøy som brukar bilbelte	84,3 %	95 %	

	Innsatsområde	Nasjonale mål	Tilstand 2017	Mål 2022	Tiltak i kommunen
4	Barn (0-14 år)	Null drepne barn (0-14 år) i trafikken i minst eitt av åra i perioden 2018-2021	4 stk.	0 stk. (minst eitt år i perioden 2018-2021)	<ul style="list-style-type: none"> Den aktuelle aldersgruppa har særleg høgt fokus og er eit av satsingsområda i TS-planen. Barnehagar og skuler skal i samarbeid med føresette ha fokus på trafikksikkerheitsarbeid og førebygging av ulykker. Kommunen skal gjennomføre vurdering av særleg farleg skoleveg. Skolene skal syte for god sykkelopplæring i tråd med kompetansemål i Kunnskapsløftet.

5	Innsatsområde	Nasjonale mål	Tilstand	Mål	Tiltak i kommunen
---	---------------	---------------	----------	-----	-------------------

		2013-2016	2018-2021		
	Ungdom og unge førere	I planperioden 2018-2021 skal gjennomsnittleg risiko for å bli drept eller hardt skadd for bilførarar i alderen 18-19 år vere 30 prosent lågare enn i perioden 2013-2016 (per kjørte km).	0,029 Drepne og hardt skadde per mill. kjørte km.	0,020 Drepne og hardt skadde per mill. kjørte km.	<ul style="list-style-type: none"> Den aktuelle aldersgruppa har særleg høgt fokus og er eit av satsingsområda i TS-planen. Arbeide aktivt med informasjon og syte for medverknad blant ungdom og unge førar i TS-arbeidet.

	Innsatsområde	Nasjonale mål	Tilstand 2013-2016	Mål 2018-2021	Tiltak i kommunen
6	Eldre trafikanter og trafikanter med funksjonsnedsetjingar	Bilførarar i aldersgruppen 75 + å bli drept eller hardt skadd vere 30 prosent lågare enn i perioden 2013-2016 (per kjørte km).	0,016 Drepne og hardt skadde per mill. kjørte km.	0,011 Drepne og hardt skadde per mill. kjørte km.	<ul style="list-style-type: none"> Kommunen skal leggje til grunn universell utforming ved fysisk utforming av vegar og gangfelt for å ivareta fremkomsten og trafikksikkerheita til eldre trafikantar og trafikantar med funksjonsnedsetjingar. Arbeide for- og leggje til rette for at flest mogleg skal kunne delta på Statens vegvesen sitt 65+ kurs.
		Fotgjengarar i aldersgruppa 75 + å bli drept eller hardt skadd vere 30 prosent lågare enn i perioden 2013-2016 (per gå km).	0,149 Drepne og hardt skadde per mill. gåkm.	0,104 Drepne og hardt skadde per mill. gåkm.	

	Innsatsområde	Nasjonale mål	Tilstand 2017	Mål 2022	Tiltak i kommunen
7	Gående og syklende	Innan 2022 skal 70 prosent av sykklistane bruke sykkelhjelm.	58,8 %	70 %	<ul style="list-style-type: none"> Kommunen skal arbeide aktivt med å gjennomføre alle innmeldte tiltak i kap.7 om betre tilrettelegging av gåande og syklende. Sikre god drift og vedlikehald av kommunalt anlegg for gåande og syklende. Kommunen skal bidra til auka sykkelopplæring i skole og barnehage samt vaksenopplæring.
		Innan 2022 skal 50 prosent av fotgjengarane bruke refleks på belyst veg i mørke.	40 %	50 %	
		I perioden 2018-2021 skal det tilretteleggast for gåande og syklende på om lag 165 km i tilknytning til riksvegnettet og på om lag 230 km i tilknytning til fylkesvegnettet.			

Innsatsområde	Nasjonale mål	Tilstand 2017	Mål 2018-2021	Tiltak i kommunen
8 Motorsykkel og moped	I planperioden 2018-2021 skal gjennomsnittleg risiko for MC- og mopedførarar å bli drepen eller hardt skadd være 30 prosent lågare enn i perioden 2013-2016 (per kjørte km).	0,117 Drepne og hardt skadde per mill. kjørte km.	0,082 Drepne og hardt skadde per mill. kjørte km.	<ul style="list-style-type: none"> Arbeide aktivt med haldning og åtferdstiltak retta mot moped og motorsykkel. Kommunen vil arbeide opp mot Statens vegvesen i oppfølging av Nasjonal strategi og handlingsplan for motorsykkel og moped 2018 - 2021 Kommunen vil ha fokus på MC-sikkerheit ved vurdering og etablering av trafikksikringstiltak på kommunalt vegnett. Kommunen vil ha fokus på drift og vedlikehald med omsyn til MC-sikkerheit (grus, høl i veggen etc.)

Innsatsområde	Nasjonale mål	Tilstand 2018	Mål 2022	Tiltak i kommunen
9 Møteulykker og utforkøyringsulykker	Innan 1/1-2022 skal 54,1 prosent av trafikkarbeidet på riksvegar med fartsgrense 70 km/t eller høgare skje på møtefrie vegar. I perioden 2018-2023 vil det bli gjennomført tiltak på 1500 km riksveg med fartsgrense 70 km/t eller høgare for å tilfredsstillе minstestandarden i NTP med tanke på å forhindre alvorlege utforkøyringsulykker.	49,3 %	54,1 %	<ul style="list-style-type: none"> Dei aktuelle ulukkestypene har særleg høgt fokus og er eit av fokusområda i TS-planen.

Innsatsområde	Nasjonale mål	Tilstand 2018	Mål 2022	Tiltak i kommunen
10 Systematisk og samordna trafikksikkerheitsarbeid i fylkeskommunar og kommunar	Innan 1/1-2022 skal 125 kommunar vere godkjent som Trafikksikker kommune.	61 stk.	125 stk.	<ul style="list-style-type: none"> Kommunen skal regodkjennast som Trafikksikker kommune. Kommunen skal samarbeide med politi mtp. førebyggjande tiltak. Kommunen skal følgje opp Barnas transportplan. Kommunen skal arbeide opp mot nasjonale og regionale målsetjingar mtp. trafikksikringsarbeid.


Ulykkesanalyse

Datagrunnlag

Ulykkesanalysen er basert på data frå politiregistrerte trafikkulykker med personskade oversendt frå Statens vegvesen for perioden 2010 – 2019.


Ulykker 2010-2019

I perioden 2001-2010 vart det registrert 132 ulukker med personskade. Blant desse var det totalt registrert 189 personar som var vorte drepne og eller skadd. I perioden 2010-2019 er det registrert 71 ulykker med personskade. Fordelt blant desse ulykkene vart det registrert 91 personar med personskade og to stk. kor det er ukjent skadegrad – totalt 93 personar.




Figur 6: Oversikt over registrerte trafikkulykker med personskade og registrerte drepne og skadde fordelt mellom perioden 2001-2010 og 2010-2019.

Figuren under viser talet på registrerte trafikkulykker fordelt pr. år. Det har hendt flest ulykker i Kvinnherad kommune i 2011, 2012 og 2017 med høvesvis ti ulykker med personskade. Det har hendt færrest ulykker i 2013 og 2019 med berre fire registrerte trafikkulykker med personskade. Dei resterande åra har alle seks registrerte ulykker.




Figur 7: Oversikt over registrerte trafikkulykker med personskade fordelt på årstal.

Figuren under viser registrerte trafikkulykker fordelt på måned frå 2010-2019. Tala viser ein noko auke i trafikkulykker mot sommarmånadene og mot vintermånadene desember og januar. Det har hendt flest ulykker med personskade i august og desember måned med høvesvis ni ulykker. Det har hendt åtte ulykker i januar, juli og oktober. Det er berre registrert ei ulykke i november som er det lågaste talet og dei resterande ulykkene fordeler seg jamt.




Figur 8: Oversikt over registrerte trafikkulykker med personskade fordelt på måned.

Ved å sjå på registrerte trafikkulykker fordelt på vekedagar er det onsdag som skil seg ut med 15 stk. registrerte trafikkulykker med personskade. Fredag har nest høgast del av ulykkene med 11 stk. Dei andre dagane er jamt fordelt mellom sju og ti ulykker.




Figur 9: Oversikt over registrerte trafikkulykker med personskade fordelt på vekedag.

Det er registrert flest ulykker i kommunen i tidsrommet kl: 15:01-18:00 med 17 stk. ulykker med personskaade. Mellom kl: 18:01-21:00 er det registrert 15 stk. ulykker som også er det nest høgaste. Det er registrert 12 stk. ulykker mellom kl: 12:01-15:00 og sju ulykker i tidsrommet 06:00-09:00 og 09:01-12:00. Det er registrert færrest ulykker i tidsrommet 03:01-05:59 med berre to ulykker.




Figur 10: Oversikt over registrerte trafikkulykker med personskaade fordelt på tidspunkt..

Figuren under gjev ein oversikt over ulykker fordelt på køyretøytype som har vore involvert i trafikkulykker med personskaade. Det er heilt tydeleg at det er kategorien «personbil, stasjonsvogn» som har vore involvert i flest trafikkulykker med høvesvis 69 stk. Det er deretter tung motorsykkel med ni ulykker som har vore nest flest gonger involvert i trafikkulykker. Moped og fotgjenger har vert involvert sju og seks gonger som er tredje høgaste tilfelle.




Figur 11: Registrerte ulykker fordelt på køyretøytype.

Det er i perioden frå 2010-2019 registrert 93 ulykker med personskade. Blant desse er det fire drepne fordelt på følgjande år; 2012, 2015, 2017 og 2018. Det er registrert 12 hardt skadde i trafikkulykker i Kvinnherad kommune. Det er flest registrert hardt skadde i 2017 med totalt fem hardt skadde. Det er registrert flest lettare skadd i 2011 og 2012 med 12. stk. deretter 2017 med 11 lettare skadd. Totalt er det registrert 75 stk. lettare skadd i perioden 2010-2019. Samla sett er det ulykkesåret 2017 som er det verste med ein drepne, fem hardt skadd og 11 lettare skadd.



Figur 12: Registrerte ulykker med personskadar fordelt på skadegrad.

Ved å sjå på fordeling av registrerte personskadar basert på alder, er det tydeleg at det er aldersgruppa 18-19 år som peikar seg mest negativt ut. I denne aldersgruppa er det registrert 11 lettare skadde, ein hardt skadd og to drepne. Denne aldersgruppa står for 50 % av dei drepne i trafikkulykker i Kvinnherad. Dei to andre drepne er fordelt i aldersgruppa 45-54 og 55-64 år. Det er registrert flest hardt skadde i aldersgruppa 20-24 og 65-74 år. Det er ikkje registrert nokre personskadar i aldersgruppa 0-5 år.



Figur 13: Skadegrad fordelt på alder.

Ser ein på registrerte skadde fordelt på kjønn er det ein tydeleg at det er flest menn som blir skadd i ulykker i kommunen. Blant dei skadde er 60 av 93 stk. menn – 64,5 %. Det er kun 33 av 93 stk. skadde som er kvinner – 35,5 %. Det er tydeleg at det er langt fleire menn som blir skadd i trafikkulykker i Kvinnherad enn kvinner.


Det er berre menn som er vorte drepne i samband med trafikkulykker i Kvinnherad. Blant dei fire dødsulykkene har tre vore førar av køyretøyet og ein har vore passasjer. Blant ulykkene med hardt skadde har alle vore førar av køyretøyet. Det har i 3 av 12 ulykker med hardt skadde vore kvinneleg fører, resten har vert mannlege førarar av køyretøyet.

Tabellen under viser fordelinga av dei ulike kjønna basert på om dei var førar eller passasjer av køyretøyet då ulukka inntraff. Blant 60 stk. menn var 47 stk. førar då ulukka inntraff. Blant 33 stk. skadde kvinner var det berre 19 stk. som var førar av køyretøyet då ulukka inntraff.



Figur 14: Registrerte skadde fordelt på kjønn.

Menn			Kvinner		
Totalt 60 stk. registrert med personskaade			Totalt 33 stk. registrert med personskaade		
Førar	Passasjer	Ukjend	Førar	Passasjer	Ukjend
47	13	0	19	13	1



Figur 15: Registrerte trafikkulykker med personskaade fordelt på vegkategori.


Blant dei 71 stk. registrerte trafikkulykkene med personskaade i perioden 2010-2019 har 64 stk. – 90 % skjedd på fylkesvegnettet. Berre fem ulykker – 7 % har skjedd på kommunal veg. Det er registrert to ulykker med personskaade på privat veg.

Tabellen under visar deling av registrert skadegrad fordelt på vegtype. Blant drepne har tre av fire ulykker skjedd på fylkesveg. Det er registrert ein drepne på kommunalveg. Det er registrert ti hardt skadd på fylkesveg og to hardt skadd på kommunal veg. Blant dei ulykker med kjend skadegrad står fylkesveg for 91 % av alle skadde og drepne i trafikken i Kvinnherad. Berre 6,5 % av skadde og drepne har hendt på kommunalveg – men blant desse er ein drepne som tilsvarar 25 % av dei drepne i trafikken i Kvinnherad samt to hardt skadde som tilsvarar 16 % av dei hardt skadde i trafikkulykker i kommunen. Berre 2 % av dei registrerte skadde og drepne har hendt på privat veg.

Vegtype	Drept	Hardt skadd	Lettare skadd	Ukjend
Fylkesveg	3	10	70	2
Kommunal veg	1	2	3	0
Privat veg	0	0	2	0
Totalt	4	12	75	2


Utforkjøringsulykker står for 39 av 71 ulykker – dette tilsvarar 55 % av alle trafikkulykkene i Kvinnherad. Det er registrert ti møteulykker som tilsvarar 14 % av registrerte trafikkulykker med personskade. Berre seks ulykker – 8 % har vore fotgjengerulykke.

Blant dei fire dødsulykkene har tre hendt i samband med utforkjøring med bil. Den fjerde dødsulykka var ei MC-ulykke og hendte i samband med påkøyring bakfrå.




Figur 16: Antal registrerte trafikkulykker med personskadar fordelt på ulykkeskategori.

Det har vore registrert «god sikt, opphald» i 47 av 71 trafikkulykker, dette tilsvarar 66 % av dei registrerte trafikkulykkene. Det har i 13 av 71 ulykker vore «god sikt, nedbør». Berre fire ulykker har hendt når det har vore «dårleg sikt, nedbør» og ein ulykke har skjedd med «dårleg sikt, tåke eller dis».




Figur 17: Registrerte ulykker fordelt på vêrforhold


Føreforholdet i 39 av 71 (55 %) trafikkulykker med personskade har skjedd då det har vore «tørr, bar veg». Det har i 19 av 71 ulykker (26 %) vore registrert «våt, bar veg». Det er berre registrert «snø/isbelagtveg», «delvis snø/isbelagt veg» og «glatt elles» i til saman ti ulykker tilsvarande 14 % av alle registrerte trafikkulykker med personskade i perioden 2010-2019.



Det har vore registrert «dagslys» når ulykka skjedde i 38 av 71 ulykker – 53,5 %. Det har hendt 16 trafikkulykker der det har vore «mørkt med vegbelysning». Det har berre i åtte ulykker – 11 % hendt ulykker kor det har vore «mørkt utan vegbelysning».



Antall ulykker fordelt på skiltet fartsgrense




Blant registrerte trafikkulykker med personskade har 40 % av ulykkene skjedd på strekningar med hastigheit 80 km/t. 22 av 71 ulykker har hendt kor det har vore fartsgrense 60 km/t. Det ha 18 ulykker på strekningar med fartsgrense 50 km/t og berre to ulykker kor skilta fartsgrense har vore 30 km/t.


Samandrag av ulykkesituasjonen i Kvinnherad kommune

Under er ein punktvis oppsummering av dei viktigaste funn frå ulykkesanalyse av trafikkulykker i Kvinnherad kommune frå 2010 – 2019.

- I perioden 2001 – 2010 er det registrert 132 trafikkulykker med personskade. I perioden 2010 – 2019 er det registrert 71 ulykker med personskade. Dette er ein nedgang på -46% i tal registrerte ulykker i Kvinnherad kommunen dersom ein samanliknar periodane.
- Det var i perioden 2001 – 2010 registrert 189 personskadar i samband med trafikkulykker. I perioden 2010 – 2019 er det registrert 93 personskadar i forbindelse med trafikkulykker, noko som tilsvarar ein nedgang på – 50,7 %.
- Det er registrert flest ulykker med personskade i 2011, 2012 og 2017 med høvesvis 10 stk. ulykker kvar.
- Det er registrert flest ulykker i desember og august månad med ni ulykker kvar.
- Det er registrert flest ulykker på onsdagar med totalt 15 ulykker.
- Det har hendt flest ulykker i tidsrommet mellom kl: 15:00 – 18:00 med totalt 17 stk. ulykker.
- Det er aldersgruppa 18 – 19 som er involvert i flest ulykker. Det er blant denne aldergruppa registrert i perioden 2010 – 2019, to drepne, ein hardt skadd og 11 lettare skadd.
- Blant dei 93 registrerte personskadane er fordelinga mellom kjønn: Menn = 66 skadde og kvinner = 33 skadde.
- Det er berre menn som har vorten drepne i samband med trafikkulykker i Kvinnherad.
- Blant ulykkene med 12 hardt skadde har alle vært fører av køyretøyet. Det har i 3 av 12 ulykker med hardt skadde vort kvinneleg fører, resterande har vore mannlege førere av kjøretøyet.
- 64 av 71 trafikkulykker med personskade har hendt på fylkesveg.
- Det er registrert tre drepne og 10 hardt skadde på fylkesveg. På kommunal veg er det registrert ein drept og to hardt skadde. Det er ikkje registrert ulykker med personskade på privat veg.
- Fylkesvegane står for 91 % av alle skadde og drepne i trafikken i Kvinnherad.
- Blant dei fire dødsulykkene har tre hendt i samband med utforkøyning med bil. Den fjerde dødsulykka var ein MC-ulykke og hendte i samband med påkøyning bakfrå.
- 39 av 71 ulykker har vært utforkøyringsulykker. Dette er 55 % av alle trafikkulykkene i Kvinnherad.
- Personbil står for 65 % av dei involverte køyretøyene i dei registrerte trafikkulykkene.
- 47 av 71 ulykker (66 %) av ulykkene har skjedd med vêrforhold «god sikt, opphold».
- 39 av 71 (54 %) av ulykkene har skjedd med føreforhold: tørr, bar veg.
- 38 av 71 (53 %) ulykker har skjedd når det har vært dagsly.
- 40 % av ulykkene har hendt på strekningar med hastigheit 80 km/t.



Figur 18: Oversikt over trafikkulykker i Kvinnherad i perioden 2010-2019 vist med uhellskode.



Figur 19: Oversikt over trafikkulykker i Kvinnherad i perioden 2010-2019 vist med uhellskategori.

Visjon og målsetjing

Visjon

Kvinnherad kommunen skal gjere sitt for å bidra til at Nullvisjonen som vart vedteken av Stortinget i 2002 om at ingen skal bli drepne eller hardt skadde i vegtrafikken i Norge skal bli nådd. Kommunepolitikarane har difor gjeve høgast prioritet til trafikktryggleik og vedteke denne visjonen:

Ingen skal bli skadde eller drepne på vegane i Kvinnherad

Visjonen inneber eit felles ansvar kor kommunen har ansvar for å syte for at det blir arbeidd systematisk med trafikkisikring opp mot; åtferd- og haldningskampanjar, planlegging, drift- og vedlikehald og at det blir gjennomført trafikkisikringstiltak på vegnettet i kommunen. Gåande, syklande og køyrande i kommunen har eit ansvar å følgje trafikkreglane og syte for trafikkisikker åtferd ved ferdsel på eller langs vegnettet.

Målsetjing

Kvinnherad kommune

Målsetjinga med trafikkisikringsplanen er å gjera Kvinnherad til ein trygg og attraktiv stad å bu og arbeida i.

Kvinnherad kommune har som mål om å redusere talet på drepne og hardt skadde i hovudsak ved fokus på åtferd- og haldningsskapande tiltak. Det vil i tillegg verte supplert med målretta fysiske tiltak der dette er mogleg og i tråd med innmelde behov.

Kvinnherad kommune skal arbeide i tråd med overordna nasjonale og regionale målsetjingar i sitt trafikkisikringsarbeid. Kvinnherad kommune skal bidra med å nå FNs berekraftsmål om å stoppe klimaendringane innan 2030. Dette er skal gjerast ved å fokusere på grønne løysningar med særleg fokus på kollektiv, sykkel og gonge. Det vil vere fokus på born og unge for å skape gode haldningar og leggje til rette for gonge og sykkel i kommunen. Dette vil bidra å forme og leggje til rette for at born og unge som framtidens trafikantar vil velje løysningar som gonge, sykkel eller kollektiv.

Tabellen under gjer ein oversikt over målsetjing og måltal for arbeidet med trafikkisikring i Kvinnherad fram mot 2028.

Målsetjing	Måltal for 2028
Ingen drepne i trafikkulykker i perioden 2020 - 2028	0 stk.
Redusere talet på hardt skadde med meir enn 50 % frå 12 til 6 personar i perioden 2020 – 2028	>50 % (6 stk.)
Ingen hardt skadde i alderen 0 – 19 år.	0 stk.
Etablere Hjertesone ved alle skuler med barnetrinn.	Alle skuler
Redusere talet på utforkøyringsulykker med personskade med meir enn 35 % frå 39 stk. til 25 stk.	>35 % (25 stk.)
Gjennomføre årleg «aksjon skuleveg» i forbindelse med skulestart av elever i grunnskulen.	8 stk.- Aksjon skuleveg
Gjennomføre årleg «TS-dag» i forbindelse på ungdomsskule og vidaregåande skule.	8 stk. - TS- dagar

Satsingsområde

Kvinnherad kommune skal arbeide med følgjande satsingsområde for det vidare trafikksikringsarbeidet i planperioden 2021 – 2028.

- Redusere talet på drepne og hardt skadde
- Fokus på barn og unge.
- Trygge skuleveggar
- Redusere utforkøyringsulykker
- Syte for trygge områder framfor skuler (Hjertesone)
- Fokus på åtferd- og haldningstiltak
- Trafikksikker skule og kommune.



Figur 20: Illustrasjon av satsingsområde for trafikksikringsarbeidet 2021-2028.

Mål og strategiar for trafikksikringsarbeide i Kvinnherad

Kvinnherad kommune har systematisert følgjande strategiar for å kunne arbeide mot visjonen om at *ingen skal bli drepne eller hardt skadd i trafikken i Kvinnherad* og for å kunne realisere fastsette målsetjingar under.

Åtferd- og haldningstiltak	Tiltak
	Trafikksikringsarbeidet må rettast inn mot tiltak som kan endra uønskt og uheldig trafikkåtferd – særleg blant born og unge
	Gjennomføre årleg «aksjon skuleveg» for barneskule elever.
	Gjennomføre «TS-dag» på ungdomsskule og vidaregåande skule.
	Arbeide systematisk med åtferd- og haldningstiltak retta mot aldersgruppa 16 – 24 år.
	Fokus trafikantopplæring i skulen, barnehagar og hjå foreldra.
	Det er ynskjeleg med fleire kontrollar av trafikken nær skular.
	Etablere Hjertesone rundt alle skulane i kommunen.
	Kommunen vil arbeide for å skape medvit og informere om trafikktryggleik gjennom media som aviser, internett m.m.
	Regodkjenning som trafikksikker kommune og skular.
Organisatoriske tiltak	Tiltak
	Syte for at det vert satt av midlar til planlegging av heilskapleg gang- og sykkelveggar i kommunen.
	Kommunen si arealplanlegging må gje føringar for trafikktryggleik og må forplikte kommunen til å kvalitetssikre eigen planlegging.
	Ved planlegging av nye veggar eller utbetring på vegnettet må god og sikker framkomst for mjuke trafikantar prioriterast.
	Kommunen skal ha gyldig trafikksikringsplan som støttar vilkåra for tildeling av statlege og fylkeskommunale midlar til trafikksikring.
	Lage gatebruksplanar (ev. trafikkanalyse) i høve til gang- og sykkelnett i tettstadane i kommunen
	Kvinnherad vil ha samarbeid om trafikktryggleik over kommunegrensene, der dette er naturleg.
Fysiske tiltak	Tiltak
	Gjennomføre fysiske tiltak i tråd med innmeldte behov
	I vegvedlikehaldet vil kommunen ha vekt på trafikksikringsomsyn. Det er viktig å arbeide for korrekt vegskilting, rydding i frisktsoner mv.
	Ved utforming av fysiske trafikksikringstiltak har kommunen som mål å stette krav om universell tilgjenge
	Det må leggjast større vekt på tiltak som hindrar dødsulykker og ulykker med alvorleg og varig personskade.

Tiltak og verkemidlar

Åtferd- og haldningsskapande tiltak

Korleis arbeide med ulykkesførebygging lokalt?

Heftet «[Lokal ulykkesførebygging – systematisk og tverrfaglig arbeid](#)» er laga av ei tverrfagleg arbeidsgruppe. Hensikten er å peike på behov og moglegheiter for samarbeid i kommunane. I tillegg ynskjer ein å motivere til innsats.

Hovuddelen av heftet inneheld ei konkret oppskrift på korleis ein kan arbeide for å redusere ulykker og skadar i kommunen. Metoden basert på kvalitetshjulet i fire trinn. I tillegg gjer heftet ein nyttig oversikt over viktige aktørar innan ulykkesførebygging, og skildrar føresetnad for å lukkast i arbeidet.

Heftet er utarbeidd av Vegdirektoratet, Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Sjøfartsdirektoratet og Skadeførebyggande forum.

Hjertesone

Hjertesone har til hensikt å redusere foreldrekøyning og auke tal på gåande og syklende til skulen. Ei hjertesone rundt skulen gjer det sikrare for elevane å gå eller sykle. Mindre biltrafikk og tryggare stopp- og hentesoner er bra for alle!

Det er mange måtar å lage ei hjertesone på. Det fins ikkje ei ferdig oppskrift på kva som er ei hjertesone. Det er fordi ei hjertesone må tilpassast trafikkmiljøet og moglegheitene som fins ved kvar enkelt skule. Ei hjertesone er ikkje eit ferdig produkt, men ein prosess som består av både små og store tiltak. Nokon tiltak tek kort tid å få på plass, mens andre tiltak kan det vere meir krevjande og ta lengre tid å gjere noko med.

Les meir om [Hjertesone her](#).



Trafikksikker kommune

Kommunen er ein viktig aktør i trafikksikkerheitsarbeidet. Som vegeigar, barnehage – og skuleeigar, arbeidsgjevar, kjøpar av transporttenester og ansvarleg for bebuaranes helse og trivsel, har kommunen eit stort ansvar for å forebygge ulykker. Godkjenninga er kostnadsfri og baserer seg berre på dei lover og forskrifter kommunen har plikt til å arbeide systematisk med. For å lukkast må alle kommunens einingar involverast i arbeidet og den enkelte etatsleiar ta sitt delansvar. Arbeidet må forankrast i den politiske og administrative leiinga.

Godt trafikksikkerheitsarbeid gjer kommunen bra omdømme, trygt lokalmiljø, mindre skader og fornøgde innbyggjarar. Les meir om [trafikksikker kommune her](#).

Kontrolltiltak politi

Politiet si hovudoppgåve i trafikken er å redusere talet på drepne og hardt skadde, gjennom å forebygge lovbrøt i trafikken.

Mannskap frå lensmannskontoret og utrykkingspolitiet utfører planlagde trafikkontrollar i kommunen. Det vert også utført kontrollverksemd i samband med ordinær patruljekøyning.

E-læringskurs for betre trafikksikkerheit

Trafikksikkerheitsarbeidet er samansett, og det er mange store og små tiltak som gjer at trafikksikkerheita stadig blir betre. E-læringskurset tar opp nokon av dei viktigaste temaa du som trafikant kan gjere noko med. Hugs at trafikksikker åtferd ofte er både økonomisk fornuftig og at det gjer god flyt i trafikken. [Ta e-læringskurset her](#).

Statens vegvesen – kampanjar

Statens vegvesen arbeider med ei rekke trafikksikkerheitstiltak og kampanjar mot trafikulykker. Blant kampanjane er: [Bilbelte](#), [Del-vegen](#), [Fart](#), [Ungdom og fart](#), [Oppmerksomhet](#), [Sikring av barn i bil](#) og [Stopp og sov](#). Trykk på lenkja og les meir om dei ulike kampanjane.

Opplæring i skulen

I aktiv skulevegarbeidet spiller trafikkopplæringa ei sentral rolle. Elevane treng å verte rusta for å ferdest på skulevegen, enten det er i organiserte grupper eller på eige initiativ og i samsvar til Kunnskapsløftet er trafikkopplæring også ein del av skulen sitt ansvar. I tillegg bør elevane øve på å gå eller sykle på skulevegen saman med foresatte før dei ferdes utan følge.

I trafikkopplæringsarbeidet fins det mange gode hjelpemidlar. Nokre eksempel under:

<https://www.tryggtrafikk.no/skole/>

www.sykkeldyktig.no

www.sykkelkids.no

Beintøft

Beintøft er ein nasjonal konkurranse for elevar frå 1. – 7. trinn. Målet er at fleire skal gå, sykle eller velgje kollektivtransport til og frå skulen. Beintøft går av stabelen i september, med nytt tema for kvart år. I tillegg til registrering av kor mange som vel bilfrie alternativ, vert det gjennomført vekesoppdrag. Hovudpremien er ein større pengepremie, i tillegg vert også beste klasse per trinn premiert, beste klasse per fylke og vinnar av vekesoppdraga. For meir informasjon sjå: beintøft.no.

Barnetråkk

Barnetråkk er eit digitalt verktøy og undervisningsopplegg som let barn fortelje planleggaren, kommunen og lokalpolitikarane korleis dei brukar staden der dei bur og kva dei vil ha annleis. Les meir om [barnetråkk her](#).

Kvinnherad kommune har brukt barnetråkk aktivt i samband med områdereguleringsplan for Sunde sentrum. Det ble da gjennomført ein barnetråkk analyse ved Sunde skule. Rapporten kan lesast [her](#).

Barnas Trafikkklubb

[Barnas Trafikkklubb](#) arbeider med å integrere trafikk på ein naturlig måte i årsplanen og foreldresamarbeidet. Målet er å auke barns forståing for kva som er trygt og farleg i trafikken – på en måte barna synes er morosam. Klubbens innhald er strukturert etter årstid med seks faste tema som går igjen - totalt 24 oppdrag:

- Kryssing av veg
- Gå langs veg
- Trygt eller farleg
- Sansar
- Trafikkreglar
- Sikkerheitsutstyr

Bilførar 65+

Statens vegvesen held oppfriskingskurs for bilførar 65+. Kurset er gratis og går over to dagar. Kvar samling vil vere på 3,5-4 timer. Kurset er frivillig og ein hyggeleg måte å friske opp kunnskapar om bilkøyring. Fleire tusen bilførar har gjennomført kurset, og erfaringane frå deltakarane er svært positive. Det vert tatt ein gjennomgang av ulike temaa og diskusjonar i fellesskap. Du er sjølv med på å bestemme innhaldet i kurset.

Det blir ikkje testa verken køyreferdigheiter dine eller kva du kan om trafikkreglar. Det er ingen eksamen av nokon slag, og du risikerer ikkje å miste førarkortet ditt.

Tema som ofte tas opp er:

- Vikeplikt
- Rundkøyring
- Vegoppmerking
- Lyskryss
- Motorveg
- Ljosbruk
- Forbikøyring
- Parkeringsføresegner

Les meir om [oppfriskingskurs Bilførar 65+ her](#).

Fysiske tiltak

Dette kapitelet tek ein gjennomgang av dei mest brukte fysiske trafikksikringstiltaka samt deira effekt på trafikksikkerheita basert på tal frå [Transportøkonomisk institutt \(TØI\)](#) si [trafikksikkerheitshandbok](#). Det er også presentert nokre tiltak frå ulike handbøker frå Statens vegvesen.

Fortau

Fortau har som formål å separere fotgjengaren frå motorisert trafikk og dermed å redusere risikoen for ulykker og alvorlege skadar blant fotgjengaren. I tillegg kan fortau ha som formål å gjere det tryggare og trivelegare å vere fotgjengar. Fortau reduserer ulykkesrisikoen med rundt **-40%** og **-88%** når ein berre ser på ulykker kor fotgjengarar tidlegare gjekk langs veggen.

Kjelde: [TØI – Fortau og gågater](#)

Gang- og sykkelveg

Gang- og sykkelveg er bestemt for gåande, syklande eller kombinert gang- og sykkeltrafikk. Veggen er skilt frå anna veg med grasplen, grøft, gjerde, kantstein eller på anna måte. Gang- og sykkelveg er best eigna utanfor tettbygd strøk eller i utkanten av by og tettstad (i områder utan kvartalsstruktur) der det er få vegkryss og avkøyrsler og høg fart for motorisert trafikk.

På ein gang- og sykkelveg deler gåande og syklande same areal. Trafikkreglane seier at syklisten skal sykle på høgre side av veggen. Dette gjelder også når ein sykklar på ein gang- og sykkelveg. Som syklande må ein ta omsyn til at gåande på ein gang- og sykkelveg går på begge sider.

Kjelde: [Handbok V122 Sykkelhandboka](#)

Utvida vegskulder

Dersom det er vanskeleg å få til eigen gang- og sykkelveg kan vegskuldra utvidast – dette er den delen av veggen som ligger utanfor kantlina. Utvida skulder vil seie at breidda av skuldrene utvidast, slik at det vert meir plass til å gå eller sykle langs veggen. Dette er ei løysning som først og fremst er eit alternativ på vegar utanfor tettbygd strøk. Løysninga er aktuell ved små trafikkmengder (ÅDT < 4 000), få gåande og syklande og med fartsgrense opp til 80 km/t. Utvida skulder skal etablerast på begge sider av veggen. Denne løysningen bør ikkje nyttast på strekningar definert som skuleveg.

Kjelde: [Handbok V122 Sykkelhandboka](#)

Skilt «Barn»

Skilt nr. 142 «Barn» skal berre brukast i samband med anlegg for barn, som skule, barnehagar og leikeplassar. Skiltet varslar om stad på eller langs veg kor barn ofte ferdast eller oppheld seg i samband med skule, barnehage, leikeplass e.l. Skiltet skal ikkje brukast på ein måte som verker til legalisere leik på eller ved veggen.

Kjelde: [Handbok N300 Trafikkskilt delt II](#)



Vegljos

Vegbelysning har i fleire studiar frå mange ulike land vist seg å redusere talet på ulykker i mørke. Personskadeulykker i mørke reduserast i gjennomsnitt med **-26 %**. Resultantane tyder på at verknaden er større på strekningar enn i kryss i tettbygd strøk. Størrelsen på verkingane er usikkert på grunn av metodiske svakheiter. Vegbelysning sin verknad på talet av skadde fotgjengarar i mørke ble det funnet ein reduksjon på omtrent **-50 %**, men dette kan vere overestimert.

Kjelde: [TØI - Vegbelysning](#)

Fartskontroll

Fartskontrollar kan gjennomførast frå synlege eller skjulte kontrollpostar eller frå politibilar med ulike typar måleutstyr. Fartsbrot kan bøteleggast på staden, eller få tilsendt brev. Samla sett med både synlege og skjulte fartskontrollar har dette vist seg å reduserer talet på ulykker med personskade eller uspesifisert skadegrad i gjennomsnitt med **-17%** og talet på ulykker med drepne eller alvorleg skadde med **-35 %**.

Kjelde: [TØI – Mobile fartskontrollar](#)

Siderekkerkverk

Siderekkerkverk kan forhindre ulykker med utforkøyring og påkøyring av siderekkerkverk medfører i de fleste tilfella mindre alvorlege skader enn utforkøyring eller påkøyring av objekt ved vegen. Siderekkerkverk har størst skadereduserande effekt når det forhindrar påkøyrslar av brupilarar, tre eller fjellvegg - risikoen for å bli drepen er redusert med omtrent **-70 %** og skaderisikoen med omtrent **-30 %**. For motorsyklistar derimot aukar som regel risikoen for å bli drepen ved påkøyring av siderekkerkverk, mest ved påkøyring av betongrekkerkverk.

Kjelde: [TØI – Vegrekkerkverk og støytputer](#)

Fartsgrense

Endring av fartsgrense påverkar trafikkikkerheita ved å påverke trafikkenes gjennomsnittsfart, som igjen påverkar talet på ulykker, skadde og drepne. Dei forventa verknaden på talet skadde og drepne av de endringar i fartsgrenser (km/t) som er mest aktuelle i Noreg er berekna til følgjande i tabellen under.

Fartsgrense		Gjennomsnittsfart (km/t)		Prosentvis endring av talet på drepne, hardt skadde eller lettare skadd		
Før	Etter	Fart før	Fart etter	Drepne	Hardt skadd	Lettare skadd
90	100	87,3	89,3	+13 %	+8 %	+4 %
90	80	87,3	84,8	-14 %	-9 %	-5 %
80	90	77,6	79,6	+13 %	+8 %	+4 %
80	70	77,6	75,1	-14 %	-9 %	-5 %
80	60	77,6	70,1	-36 %	-26 %	-14 %
70	60	67,9	65,4	-14 %	-9 %	-5 %
60	50	59,4	55,9	-19 %	-13 %	-7 %
50	40	49,5	46,0	-19 %	-13 %	-7 %
50	30	49,5	40,5	-42 %	-30 %	-16 %
40	30	39,6	36,1	-19 %	-13 %	-7 %

Kjelde: [TØI - Fartsgrenser](#)

Kryssingsmoglegheiter for fotgjengarar

Gangfelt

Gangfelt er i hovudsak eit tiltak for å betre framkomsten for gåande som skal krysse ein veg, og er i utgangspunktet ikkje eit trafikkisikringstiltak. Gangfelt skal etablerast i samsvar med dei krav og kriteria som er fastsett i [handbok V127 «kryssingssteder for gående»](#). Sjølv om gangfelt ikkje er eit trafikkisikringstiltak har det likevel vist seg å redusere ulykkesrisikoen for kryssande fotgjengarar med **-22 %**. Det totale talet på fotgjengarulykker kan auke fordi gangfelt som regel fører til en auke i talet på kryssande fotgjengarar.

Kjelde: [Kryssingsmulegheter for fotgjengere](#)

Planskilt kryssingsstad (gangbru)

Ved etablering av planskilt kryssingsstad for fotgjengarar (gangbru) har dette i studiar vist seg å redusere talet på fotgjengarulykker med **-82 %**.

Kjelde: [Kryssingsmulegheter for fotgjengere](#)

Signalregulering av gangfelt utanfor kryss

Ved signalregulert gangfelt vs. ingen gangfelt reduserast fotgjengarulykker på strekning med **-49 %**. Signalregulert gangfelt vs. ordinært oppmerka gangfelt har en reduksjon i fotgjengarulykker på **-27 %**. Signalregulert gangfelt har ein positiv effekt med tanke på fotgjengarulykker, men kan medføre ein auke i ulykker mellom motorkøyreretøy.

Kjelde: [TØI – Signalregulering av gangfelt utanfor kryss](#)

Fartsdempande tiltak

Fysisk fartsregulering har som formål å redusere farten langvarig til et ønsket nivå, spesielt på veger kor nedsett fartsgrense eller politikontroll ikkje forventast å gje langvarige effektar. Fartshumpar reduserer både fart og ulykker. For alle ulykker sett under eitt reduserer fartshumpar ulykker med **-17 %**.

Kjelde: [TØI – Fysisk fartsregulering](#)

Kostnader

Tabellen under gjev ein oversikt over estimerte kostnader ved etablering av ulike trafikksikringstiltak. Kostnader er henta frå Trafikksikkerheitshandboka til Transportøkonomisk institutt og omgjort til 2019 kr.

Tiltak	Estimerte kostnader (2019 kr)
Fortau	Ca. 10 000 kr pr. meter
Gang- og sykkelveg	Ca. 15 000 kr. pr. meter
Skilt	10 000 kr. pr. skiltpunkt
Vegljos	Ca. 1 000 000 kr pr. km vegljøs + driftsutgifter
Siderekkverk	3000 kr. pr meter
Skilta fartsgrense	10 000 kr. pr. skiltpunkt
Gangfelt	100 000 – 200 000 pr. gangfelt inkl. vegljøs
Planskilt kryssingsstad	10 000 0000 kr
Signalregulert gangfelt	500 000 – 1 000 000 kr + driftsutgifter
Fartsdempande tiltak	50 000 – 150 000 kr. pr hump.

Registrerte behov for trafikk sikringstiltak

Tiltaksplanen under er basert på innspel frå publikum, administrasjonen og andre. Det er gjort ein overordna vurdering av alle innspela, og deretter laga ei prioritert liste.

Tiltak er fordelt på kommunal- og fylkesveg, og har følgjande sortering:

- Fortau/gang- og sykkelveg
- Fart
- Busstopp
- Kryssingspunkt/gangfelt
- Vegljøs
- Siktutbetring
- Vegutbetring
- Trafikkregulering
- Anna
- Hjertesone

Reine driftstiltak, openbart ikkje økonomisk realiserbar tiltak, tiltak som ligger under andre ansvarsområde og tiltak på private veger er ikkje medtatt i planen.

Tabellen nedanfor er prioritering av tiltaka vist ved farge og tidshorisont basert på tabell under.

Høg prioritet tiltak	Middels prioritert tiltak	Lågare prioritert
Straktiltak (St)	Straktiltak er tiltak som kan gjennomførast på eigen veggrunn og innan eigedomsgrensa til vegen. Den enkelte vegeigar kan vurdere, behandle og fatte vedtak knytt til etablering og gjennomføring av tiltaka. Det vil ofte vere knytt mindre økonomiske kostnader ved gjennomføring av tiltaka.	
Langsiktig tiltak (Lt)	Langsiktige tiltak krev bla. utarbeiding av reguleringsplanar, prosjektering, grunnavståing og/eller krev større økonomiske midlar til gjennomføring. Det vil seie at sjølv om tiltaket er høgt prioritert kan det ta lang tid før tiltaket kan bli realisert.	
12-20	Tiltak ifrå Trafikksikringsplan 2012-2020	
KvP	Tiltak heilt eller delvis i Kvinnheradpakken	
Adm	Administrative innspel til tiltak	

Tiltak på kommunalveg

Kategori	ID	Prioritet	Stad	Skildring	Planarbeid
Fortau/gang- og sykkelveg	103		Kv.1111 Bjørkesvegen Kart	Vegen frå Bjørkesvegen til Rosendal FUS barnehage er smal og har svært stor trafikk, med eit dårleg utforma og smalt kryss. Også vegen frå barnehagen til krysset ved Bjørkesvegen og ned til Skålagato er for smal.	
	112	Lt	Kv.7 v/Rådhuset Kart	I området frå rådhuset ned mot idrettsanlegget, er det vanskelege forhold for fotgjengarar. Stor aktivitet på kveldstid med ungar som skal til og frå fritidsaktivitetar.	Planarbeid pågår - Områderegulering for Rosendal tettstad
	162		Kv.1087 Vikjo Kart	GS-veg til Holmen, Vikjo.	
	Adm	St	Kv. 1127 Bogsnes	Fortau	
	Adm	St	Kv. 1030 Husnes skule	Kople saman GS-veg sør-sørvest for ny parkeringsplass.	
	159	Lt	Kv.1148 Hamrabrekko Kart	Utvida vegen noko og/eller inkludera fortau frå Slettestølen og ned til område. Store delar av arealet ned til skulen og barnehagen er kommunalt. I praksis vert dette då ei vidareføring av vegen i Slettestølen slik den no er.	Planarbeid pågår - Områderegulering for Sunde tettstad
	12-20		Kv. 1044 Høylandsbygd, Slettaneset	Veg med tungtrafikk. For smalt fortau til rullestol og barnevogn.	
	66		Kv.1217 Heiavegen (Sæbøvik) Kart	Manglar fortau	
Kryssingspunkt/gangfelt	12-20		Kv 1029 Neslia, midtre avkøyrsla	Bør stengast. Dårleg sikt, bratt stigning direkte ut i avkøyrsla	
	136		Kv.1063 Heio (Sandvoll) Kart	Avkøyrsla til Heio byggefelt: Her tek det gamle bedehuset/Sandvollstova sikta frå trafikantane. Eit gangfelt og tydeleg skilting for å betre tryggleiken.	
	138		Kv.1063 Heio (Sandvoll) Kart	Overgang til fortau uten gangfelt. Utbetring i byggefeltet Heio. Fartsdumpar og gangfelt i samband med innkøyrsla mellom Heio 20 og Heio 24 er ønska som tiltak. Denne vegen vert nytta av borna i Heio som den tryggaste	

Kategori	ID	Prioritet	Stad	Skildring	Planarbeid
				skulevegen. Borna må krysse vegen midt i ein sving der det - særskild i tidsrommet ved skulestart – er ein del trafikk. Mykje av denne trafikken er frå større køyretøy pga. byggeaktivitet.	
Fart	87		Kv.1111 Bjørkesvegen Kart	30 km/t-sona rundt barnehagen	
	65		Kv.1251 Børneset Kart	Skilte fartsgrense ev. fartsdempande tiltak	Planarbeid pågår – Detaljregulering Børneset
	Adm	St	Kv.1231 Nedre Sæbø Kart	Elevar nyttar denne vegen til og frå skulen. Nedsett fart.	
Fartsdempande tiltak	2		Halsnøy sportsløype Kart	Til tider svært stor trafikk av besøkjande. Mange born skal inn og ut av bilar, trengs tiltak for å gjere tilhøva kring PP tryggare.	
	50	St	Kv.1065 Eidsnesvegen Kart	Behov for fartsdempande tiltak	
Vegljos	176		Kv.1168 Tongavegen Kart	Ljos i gang/køyre-området ved skulen	
	112		Kv.7 V/Rådhuset Kart	Mangelfull vegbelysning gjer det mørkt om vinteren.	
	115, 161		Kv.1183 Sandvikvegen Kart	Manglar ljøs i heile Omvikdalsbygda - Stor trafikk av gåande/syklande, smale vegar og ein del neste-ulykker.	
	115, 161		Kv.1187 Hjelmelandsvegen Kart	Manglar ljøs i heile Omvikdalsbygda - Stor trafikk av gåande/syklande, smale vegar og ein del neste-ulykker.	
	36	St	Kv.1129 Gangstøvegen Kart	Vegljos langs heile Gangstøvegen	
	68		Kv.1177 Holmedalsvegen Kart	Vegljos heile strekninga Seldal-Storhaug	
	77	St	Kv.1231 Nedre Sæbø Kart	Elevar nyttar denne vegen til og frå skulen, og har eit ynskje om at det kjem vegljøs her, då det er mørkt og uoversiktleg å både sykle og gå.	Kvikkleire-problematikken er førande for kva tiltak som kan gjennomførast
	51, 66		Kv.1217 Heiavegen (Sæbøvik)	Vegljos	

Kategori	ID	Prioritet	Stad	Skildring	Planarbeid
			Kart		
	54		Kv.1227 Eidsvikvegen Kart	Vegljos	
	Adm	St	Kv. 1140 Geilovegen	Vegljos	
	Adm.		Kv. 1189 Øyro - Malmanger	Fortetting vegljøs	Planarbeid pågår – Områderegulering Rosendal
Anna	98		Kv.6 Vang – Rosendal Kart	Leggje til rette for levering og henting av born på skulen skjer ved banken, då det reduserer litt på biltrafikken rundt Rådhuset	Planarbeid pågår – Områderegulering Rosendal - Løysing for henting/levering
	2		Halsnøy sportsløype Kart	Til tider svært stor trafikk av besøkjande. Mange born skal inn og ut av bilar, trengs tiltak for å gjere tilhøva kring PP tryggare.	
	54		Kv.1227 Eidsvikvegen Kart	Stenge med bom mellom 191/10 og 191/4 (opnast ved behov)	
Vegutbetring	69		Kv.1177 Holmedalsvegen Kart	Utviding av "Storhaugsbrua"	
	70		Kv. 1177 Holmedalsvegen Kart	Asfaltering av vegen frå Seldal mot Tveitedalen skisenter.	
	51, 66	St	Kv.1217 Heiavegen (Sæbøvik) Kart	Vegstandard på Heiavegen må betrast, kartleggje utfordringar for vassføring og sigande grunn. Delar av vegen er øydelagt, vatn har greve. Vatn frys i vegbana vinterstid.	
	76		Fv.500 Sæbøvikvegen Kart	Vegstrekning frå Heio til kryss ved Halsnøytunet. Etter at dei nye bustadfelt er kome på Heio, har vegen blir øydelagt. Sprekker og humpar gjer det farlegare å sykle og køyre.	
Trafikkregulering	99		Kv.7 Parkeringsplass v/Rådhus Kart	Tiltak for å regulere trafikkmengda om morgonen.	Planarbeid pågår – Områderegulering Rosendal
	Adm		Kv. 1008/1013 Haugavegen - Kaldanesvegen	Hindre gjennomkøring i Haugevegen. Etter oppgradering av Opsangervegen nyttar stadig fleire Haugevegen som «snarveg» (via Skogvegen og Kaldanesvegen), auka trafikkfare og stor fart. .	

Kategori	ID	Prioritet	Stad	Skildring	Planarbeid
Anna	132		Kv.1269 Haukanesvegen Kart	Haukanesvegen - Sterk trong for trafikksikring - Går stein-, jord- og vegetasjonsras årsleg, samt steinsprang. - Skuleveg med skuleskyss, treng snarleg ein trygg veg. - 4-5 husstandar på Haukanes.	

Tiltak på fylkesveg

Kategori	ID	Prioritet	Stad	Beskriving	Planarbeid
Fart	3		Fv.48 Hatlestrand Kart	Uttrygg veg grunna fart, særskilt for mjuke trafikanter. Ingen fortau, mjuke trafikanter må gå i vegbana.	
	173		Fv.48 Hatlestrandsvegen Kart	Endra fartsgrense og fartshumpar mellom Hamnerås til Haugetunnelen.	
	189		Fv.500 Sunndalsvegen Kart	Nedsett fartsgrense til 40 km/t gjennom heile bygda.	
	185		Fv.500 Ænesvegen Kart	Nedsett hastighet til 50 km/t og fleire/tydelegare skilt om skuleborn langs vegen	
	41		Fv.500 Lyngstrandvegen Kart	Nedsatt fartsgrense til 60 km/t.	
	82		Fv.5030 Baronivegen/Kyrkjevegen Kart	Betre skilting av fartsgrensa i Baronivegen og Kyrkjevegen.	
	62, 63		Fv.500 Uskedalsvegen Kart	50 km/t på heile strekkja forbi Steinsletto og Eik.	
	21		Fv.500 Herøysundet Kart	Forlenging av 50-sona	Planarbeid pågår – Detaljregulering GS-veg Herøysundet
	11, 67		Fv.500 Raudsteinsvegen Kart	Redusere fartsgrensa til 50 km/t	
	19		Fv.5028 Sunde Kart	Lågare fartsgrenser	Planarbeid pågår – Områderegulering Sunde
	28		Fv.500 Sæbøvikvegen Kart	Lågare fartsgrenser	
Kryssings- punkt/ gangfelt	12- 20		Fv. 575 Ølve, Vika/Åsen	Dårlege siktilhøve; busshaldeplassar	
	12- 20		Fv. 575 Ølve oppvekstsenter	Montesorri-skulen. Trafikkfarleg når skulebarn kryssar veg frå skulebuss.	

Kategori	ID	Prioritet	Stad	Beskriving	Planarbeid
	12-20		Fv. 575 Hatlestrand v/ ungdomshus	Dårlege siktilhøve. Spreng bort/pigge fjellnabbe.	
	81	St	Fv.500/49 Austrepollen Kart	Manglar overgang fv. 500/49 mot brua, samt skilt om gåande skulebarn.	
	12-20		Fv. 500 v/Mauranger skule	Lage ny tilkomst med avkøyring lenger sør. Omklassifisering eks. til GS-veg.	
	45		Fv.500 Løfallstrand Kart	Manglar overgang ved Gjerde byggefelt.	
	Adm		Fv. 500 Neslia	Legge til rette for krysningspunkt	
	110		Fv.500 Nesvegen v/Rosendalstunet Kart	Manglar overgang frå G/S-veg til Rosendalstunet	
	89, 102		Fv.500 Skålagato v/Spiskammerset Kart	Manglar overgang mellom Spiskammerset og Coop. Nytt av barnehagen. Alternativ kryssingspunkt	
	100		Fv5030/5036 v/tannklinikken Kart	Manglar overgang til fv. 5036 (baroniet, turistar)	Planarbeid pågår – Områderegulering Rosendal
	109		Fv.500 Rosendalsvegen v/Fryd Kart	Manglande overgang til skulesida. Undervisning i aktivitetshuset.	Planarbeid pågår – Områderegulering Rosendal
	107		Fv.5030 Baronivegen x Skålagato v/Skålagato 51 Kart	Krysset Skålagato/Baronivegen er uoversiktleg, mange fotgjengarar. Manglar overgang.	Planarbeid pågår – Områderegulering Rosendal
	119 a-j		Fv.500 Malmanger Skulekrins Kart	Fleire busshaldeplassar langs skulevegen manglar trygg overgong. Barn ned i 5-års alderen må krysset forkjøyringsveg med 60 km/t, utan tiltrettelagt overgong. A. Nye Lundsnesvegen B. Busstopp ved Bunnpris C. Avkøyring til Seglemsvegen D. Fjordhotellet E. Innkøyringa til rådhuset F. Rosendalstunet G. Nordlegaste nedkøyringa til Neslia H. Øvre Neslia I. Gjerde, Løfall	

Kategori	ID	Prioritet	Stad	Beskriving	Planarbeid
				J. Byggefeltet på Ænes	
	12-20	St	FV. 500 Bunnpris Seimsfoss	Svært farleg utkøyring frå butikkområdet, kombinert med avkøyring mot Guddal, farlege busstopp m.m.	
	147		Fv.500 Omvkdalsvegen Kart	Manglar overgang i Lundsneset. - Tidlegare vore sagt at det kan kome fotgjengarovergong, men det er i dag ikkje kome noko løysing, og ein må krysse vegen utan tiltak der bilar kjem i minst 60 km/t.	
	12-20	Lt	Fv. 500 Dimmelsvik, BEST-stasjon	Uoversiktleg, parkering ut mot hovudveg, avkøyring til lokalveg, busstopp.	Planarbeid pågår – Forprosjekt ferdig for GS-veg Lundsbyggane
	12-20	Lt	Fv. 500 Dimmelsvik, Fet-krysset	Dårleg utforma kryss, problematisk med parkerte bilar, skuleelevar. Dei siste åra kraftig auke i trafikk.	Planarbeid pågår – Forprosjekt ferdig for GS-veg Lundsbyggane
	57		Fv.548 Valevegen Kart	Manglar overgong v/Valen skule	
	137		Fv.548 Skarvelandsvegen Kart	Manglar overgang frå vegane Velte og Skarvelandsvegen. Må krysse vegen tett på svingar i vegen, som er med på å gjere kryssinga uoversiktleg.	
	135		Fv.548 Erslandsvegen Kart	Manglar overgang frå Erslandsvegen 2-20. Må gå på feil side av vegen då det er autovern mot gangfelt over vegen. Vurdere gangfelt og opning av autovernet for å sikre trygg plassering. Alternativ må det lagast fortau frå innkøyringa og til skulen, og trygg overgong i samband med busslomme og av/på-stigningsfelt.	
	74		Fv.500 Sæbøvikvegen Kart	Gangfeltet på Sæbøvik er plassert slik at når bussen står parkert i busslomma, vil det vere uoversiktleg og farleg for personar å krysse gangfeltet. Dette gjeld	

Kategori	ID	Prioritet	Stad	Beskriving	Planarbeid
				særskilt for bilar som kjem frå Tofte og køyrer utover.	
	49		Fv.500 Klostervegen/Eidsnesvegen Kart	Manglar overgang.	
	53		Fv.500 Klostervegen v/Klosteret Kart	Manglar overgang frå busstopp til busstopp v/ Klosteret/Juelløa	
Fortau/gang- og sykkelveg	164		Fv.48 Hatlestrandsvegen/Tongavegen Kart	Hatlestrand. Ferdigstilling av GS-veg i 2008 (inkl. oppdatering av regplan og tiltak)	
	12-20		Fv. 500 Sundal v/Mauranger skule.	Dårleg sikt ved utkøyring frå skulen.	
	44		Fv.500 Løfallstrand Kart -	Gang- og sykkelveg gjennom Løfall til Neslia.	Planarbeid pågår – kote 70. Vil leggja føringar for utviklinga langs eksisterande fv.
	37, 108		Fv.500 Nesvegen Kart	Ferdigstilling av GS-vegen til Neslia nordgåande busstopp.	
	90		Fv.500 Skålagato v/Skåla bru Kart	Fortau på fjellsida av brua over Hattebergselva ved Rådhuset. På fjellsida er det fryktelig smalt for sykkel og sparkesykkel.	Planarbeid pågår – Områderegulering Rosendal
	92		Fv.500 Skålagato v/Skålagato 27 Kart	Fortau frå Turisthotellet til Elins Matgleder. For samanhengande fortau på same side av vegen frå Nes og til skule.	Planarbeid pågår – Områderegulering Rosendal
	79, 80, 100		Fv.5030 Baronivegen Kart	Fortau frå krysset ved Kyrkjevegen og opp til p-plassen til Baroniet	Planarbeid pågår – Områderegulering Rosendal
	86, 101		Fv.5030 Kyrkjevegen Kart	Kyrkjevegen frå kyrkja til bedehuset har mange svært smale parti. Krysset mot Målet er uoversiktleig, trafikken er større enn tidlegare grunna utbygging av mange nye husvære i området.	
	109		Fv.500 Rosendalsvegen Kart	I området Flyt aktivitetshus-Malmanger skule manglar det fortau på aktivitetshus-sida.	Planarbeid pågår – Områderegulering Rosendal
	4, 23, 38, 113,	Lt	Fv.500 Omvkdalsvegen Kart	GS-veg frå BEST til BKK, samt utviding av brua. - Mykje tungtransport og traktortransport.	Planarbeid pågår – Forprosjekt ferdig for GS-

Kategori	ID	Prioritet	Stad	Beskriving	Planarbeid
	149, 160			- Brua kan akkurat få plass til 2 bilar, noko som gjer situasjonen kritisk og trafikkfarlege for mjuke trafikantar. Vanskeleg å sjå born på/rundt brua.	veg Lundsbyggane
	78		Fv.500 Omvikdalsvegen Kart	GS-veg Dimmelsvik. Prioritere GS-veg i gjeldande reguleringsplan. Vil sikre skulevegen for alle born på Vikjo.	
	12-20		Fv. 500 Uskedalen sentrum	Gjennomføre GS-veg gjennom heile sentrum til brua. Ingen tilbod for gåande.	Forslag: Merke gangfelt der bilar parkerar i dag
	64		Fv.500 Uskedalsvegen Kart	GS-veg frå Uskedalen sentrum til Leite på Steinsletto.	
	KvP-4	Lt	Fv. 500 Herøysundet	GS-veg, vegen er i dag ikkje lagt til rette for mjuke trafikantar	Planarbeid pågår – Detaljregulering GS-veg Herøysundet
	11		Fv.500 Raudsteinsvegen Kart	Manglar fortau/GS-veg	
	117		Fv.5028 Kaldestadvegen Kart	GS-veg grunna trafikkfarleg veg over lang tid utan at noko er gjort. Mange menneske bur i område - særst farleg for både born, unge og vaksne.	
	KvP-7	Lt	Fv. 544/48 Opsanger-Porsvik	Knyte saman tettstadane Husnes, Sunde og Valen me GS-veg.	Planarbeid pågår – forarbeid GS-veg Opsanger - Porsvik
	KvP-8/72	Lt	Fv. 548 Sandvoll	Legge til rette for mjuke trafikantar, betre skulevegen og auke tryggleiken.	
	140		Fv.548 Erslandsvegen Kart	Vidare utbygging av fortau og vegljøs langs skulevegen, då frå skulen og bort til innkøyrse til Erslandsvegen ved grustaket, samt Utåker – Holmedal	
	55		Fv.5048 Halsnøyvegen/Strondavegen Kart	Etablere fortau frå Landamarka til Tofte	
	53		Fv.500 Klostervegen Kart	Fortau frå busskuret v/Klosteret til Ranavik	
	121		Fv.500 Skålagato Kart	Rosendal sentrum - ynskjer samanhengande	

Kategori	ID	Prioritet	Stad	Beskriving	Planarbeid
				<p>fortau, færre kryssingar og større avstand til bilar og tungtrafikk.</p> <p>-mange elevar har skuleveg gjennom sentrum. Fortau blir fleire stader avbrotne av innkøyringar (avkøyrslar).</p> <p>- Fleire stader må ein kryssa vegen då fortaua tek slutt.</p> <p>- Fortaua er stundom smale, og mjuke trafikantar kjem vel nære lastebilar og bilar (til dømes frå Folgefonnsenteret til Rosendalsborken)</p> <p>- Manglar fortau, som frå bedehuset til gamle barnehagen</p>	
Fartsdempande tiltak	165, 174		Fv.48 Hatlestrandsvegen Kart	Fartsdempande tiltak på Fv48 i 50-sona. Her har elevane ikkje rett på skuleskyss.	
	181		Fv.500 Sunndalsvegen/ Austrepollen Kart	Høg fart – fartsdempande tiltak	
	189		Fv.500 Sunndalsvegen Kart	Fartsreduserande tiltak i sentrum og ved Neset.	
	27		Fv.500 Sunndalsvegen Kart	Etablere fartsputer	
	26		Fv.500 Løfallstrand Kart	Etablere fartsputer	
	25		Fv.500 Rosendalvegen Kart	Erstatte humper med puter ved Malmanger skule og Coop.	
	22		Fv.500 Uskedalsvegen Kart	Laga fartsputer	
	19		Fv.5028 Sunde Kart	Høge fartsputer	
	18		Fv.548 Eikeland Kart	Oppgradering av eksisterande fartshumper med tre stk. heva gangfelt og fartsputer.	
	141		Fv.548 Erslandsvegen Kart	Fartsdempande tiltak v/Skarveland skule. Fartsdempande tiltak kan i dette tilfellet vere reduksjon av fartsgrensa, fartsdumpar eller fotoboks	

Kategori	ID	Prioritet	Stad	Beskriving	Planarbeid
	75		Fv.500 Sæbøvikvegen Kart	Fartsdumpar på Sæbøvik	
Vegljos	176		Fv.575 Hatlestrandsvegen Kart	Vegljos	
	81, 190	St	Fv.500/49 Austrepollen Kart	Manglar overgang Fv500/49 mot brua, samt skilt om gåande skulebarn.	
	Adm		FV. 500 Sundal sentrum	Vegljos	
	188		Fv.500 Sunndalsvegen Kart	Tveitnes: Ljos for borna som ventar på buss	
	46		Fv.500 Løfallstrand Kart (kote 70)	1-3 ekstra vegljjos mot Vevik.	
	39		Fv.500 Omvkdalsvegen Kart	Vegljos frå "Kvinnherad Energi" til busshaldeplassen i Sandvikjø	
	115, 161		Fv.5040 Fetvegen/ Fv.5024 Landavegen Kart	Ljos kring heile Omvkdalsbygda. Det er stor trafikk av gåande/ syklande, smale vegar og ein del nesten-ulykker.	
	153		Fv.500 Raudsteinsvegen Kart	Prioritere vegljjos Langåt-Helland og elles mellom bygdene	
	12-20		Fv.500 Reset-Teigen	Manglar tilbod for mjuke trafikantar, 60 km/t og svingete.	
	59		Fv.548 Eikeland Kart	Betre ljøs langs vegen frå Porsvik og til vegen ned til Vågen.	
	68		Fv.548 Utåkervegen Kart	Vegljos på Ølfarnes	
	56		Fv.548 Valevegen Kart	Vegljos frå Lyngbakken til skulen	
	49		Fv.500 Klostervegen/Eidsvika Kart	Mørkt parti når dei kjem frå veg til skule, treng vegljjos	
	53		Fv.500 Klostervegen Kart	Vegljos frå innkøyringa til Sunnhordland folkehøgskule til Ranavik	
Vegutbetring	KvP-3	Lt	Fv. 500 Folgefonntunnelen – Årsnes	Skredsikring av vegstrekninga, betre trafikktryggleiken og framkome.	
	81, 190		Fv.49 Austrepollen Kart	Utbetring av bru.	
	KvP-2	Lt	Fv. 500 Furebergfossen bru	Betre og tryggare veg. Rassikring.	
	40		Fv.500 Lyngstrandvegen Kart	Utbetring av heile strekninga mellom Lyngstrandvegen 31 til 423, inkludert utbetring av avkøyrslane.	Del av KvP-3
	12-20		Fv. 500 Løfall-Neslia	Store sprang i vegstandard. Deler av	


Kategori	ID	Prioritet	Stad	Beskriving	Planarbeid
				strekninga er forbetra. Manglande sikring.	
	94		Fv.500 Skålagato/Rosendalsvegen Kart	Frå Rosendalsborken og ned til Turisthotellet, samt Skåla bru ved Rådhuset. Her er det litt smalt for store køyretøy å svinge forbi personbilar og andre store køyretøy.	Planarbeid pågår – Områderegulering Rosendal
	158		Fv.5034 Guddalsvegen Kart	Låg varamur - sikring av vegkant mot elva	
	61		Fv.500 Uskedalsvegen Kart	Utviding av bru over Eikeelva. Brua er smal, eiga bru for fotgjengarar og syklistar. Fysisk skilje frå bilvegen.	
Adm			Fv. 500/5028 Hellandsbrua	Brua er farleg for mjuke trafikantar	
KvP-7		Lt	Fv. 544/48 Opsanger-Porsvik	Betre vegstandar for gjennomgangstrafikk	
	73		Fv.548 Sandvollvegen Kart	Vegen forfell. Eksisterande murar fell ut i veg, manglar rekkverk, store steinar etc.	Del av KvP-8
	71		Fv.548 Erslandsvegen Kart	Vegutviding i Erlandsmarka.	
KvP-6		Lt (St)	Fv. 544 Sæbøvik – Eidsvik – Tofte	Auke vegstandar og leggje til rette for mjuke trafikantar	
	47		Fv.5048 Høylandsbygdvegen Kart	Vegutbetring og fjerning av skog	
	53		Fv.500 Klostervegen Kart	Breiddeutvide vegen	
Busstopp					
	51		Kv.1217 Heiavegen/stølen Kart	Utfordringar knytt til busstopp for ungar då det er eit farleg kryss og uttrygg stad å vente på bussen	
	170		Fv.48 Gjermundshamn ferjekai Kart	Haldeplass Gjermundshamn ferjekai: Uoversiktleg og utrygg for både mjuke og harde trafikantar. Uoversiktleg	
	187		Fv.500 Sunndalsvegen Kart	Fureberg: Busskiltet som stod før, må kome tilbake	
	12-20		Fv. 500 Ænes, avkøyrsløse til kyrkja	Manglar busstopp, skulebuss stoppar på trafikkfarleg stad. Skilt dekkjer sikt i retning Rosendal.	
	97		Fv.500 Skålagato Kart	Busstoppet ved brua i sentrum/rådhuset bør få vere der.	Planarbeid pågår – Områderegulering Rosendal

Kategori	ID	Prioritet	Stad	Beskriving	Planarbeid
	12-20		Fv. 500 Malmanger skule	Uoversiktlege tilhøve	Planarbeid pågår – Områderegulering Rosendal
	Adm		Fv. 500 Raudstein	Busslomme	
	Adm		Fv. 548 Ølfarnes	Busslomme	
	48		Fv.5048 Høylandsbygdvegen Kart	Endehaldeplass i Høylandsbygd.	
	Adm	St	Fv. 5052 Landamarka	Busslomme	
Trafikk-regulering	171		Fv.48 Gjermundshamn ferjekai Kart	Parkering av ferjemannskapsbilar: Trafikksikringsgruppa fekk i mai 2018 hjelp av politiet i Fusa til å få ferjemannskapet til å flytta dei ulovleg parkerte bilane ved ferjelemmen, men dette varte ikkje lenge, og det er fortsatt eit problem. Skuleelevane frå Varaldsøy må manøvrere seg gjennom dette området når dei skal til og frå skulen og til og frå trening/fritidsaktiviteter her på Hatlestrand. Dette må prioriterast og løysast straks då det er både uoversiktlege og farleg	
	104		Fv.5030 Baronivegen/ Kyrkjevegen Kart	Usikkerheit om korleis køyremønsteret i Kyrkjevegen eigentleg er, vikeplikt for dei som kjem ut frå Ullvaren eller Heradstun mm. Her kan køyremønsteret/vikeplikt enkelt ordnast med betre vegmerking og skilting.	
	67		Fv.500 Raudsteinsvegen Kart	Etablere automatisk fartskontroll (ATK).	
	58		Fv.548 Eikeland Kart	Mange parkerar i GS-veg. Gjer uoversiktleghet og hindrar sikt for dei som har utkøyring på nedsida av vegen. Farlege situasjonar.	
	60		Fv.548 Eikeland Kart	Skilt til barnehagen og skule. Ambulansen køyrer feil då det ikkje er skilta.	
	134		Fv.548 Skarvelandsvegen Kart	Tydeleg skilting før skulen når ein kjem frå Utåker og frå Valen: fareskilt/opplysningskilt om skuleborn.	

Kategori	ID	Prioritet	Stad	Beskriving	Planarbeid
	52		Fv.500 Sæbøvikvegen Kart	Møteplasskilt. Realisering av Kvinnheradpakken	
Siktutbetring	102		Fv.500 Skålagato Kart	Dårleg og uoversiktleg innkøyring til Coop- butikken. Mykje buskar.	
Anna	172		Fv.48 Gjermundshamn ferjekai Kart	Avkøyring ferja: Når bilane får køyre av ferja er det 2 felt som får køyre samtidig, men det er ikkje så mange meter før det berre vert eitt felt. Dette fører til ein del "nestenulykker" og eit skilt i opptillingfeltet vert stadig køyrd på/ned. Dette må ein finne ei god og trafikksikker løysing på	
	111		Fv.500 Skålagato Kart	I Skålagato er det på Eurospar-sida to gamle trapper/rullestolrampar som ikkje fører nokon stad. Utanfor Eurospar og utanfor blomsterbutikken. Desse er til hinder for funksjonshemma i rullestol i dag.	
	<i>Adm</i>		Fv. 500 Korsnes- Kleivadalssvingen	For mange avkørslar mellom Uskedalsvegen 410 og Kleivadalssvingen. Etablere betre felles avkøyrslar	



Figur 21: Oversikt over registrerte tiltak.



Figur 22: Oversikt over registrerte tiltak.

Rosendalsvegen 10 | 5470 Rosendal
Tlf: 534 83 100 | Fax: 534 83 130 | Org. nr: 964 967 636
post@kvinnherad.kommune.no | www.kvinnherad.kommune.no